# 2011 ÅRSMELDING OG REKNESKAP




ROGALAND BONDELAG


TA DET RETTE VALGET!
• 2% etableringsrabatt i 2 år
• Webrabatt ved handel på www.fkra.no – lett som bare det!
• Ta del i fordelene med "Min side" på www.fkra.no
• Kvantumsrabatt for kraftfôr i bulk, småsekk og storsekk
• Kvantumsrabatt for gjødsel
• Bestillingsrabatt pr. ordre
• Årskvantumsrabatt
• Årlig bonusutbetaling ved overskudd
• Gratis abonnement på Bondevennen i 1 år til nye brukere
• Gratis råd og veiledning fra våre konsulenter
Betingelsene gjelder ved kjøp av tonnvarer
FK
Felleskjøpet Rogaland Agder
www.fkra.no

# Innhald


Årsmøtet – 2011 .......... 4
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2011 .......... 10
Næringspolitiske saker .......... 12
Organisasjonssaker .......... 26
Andre saker .......... 32
Arbeidet i utvala .......... 36
Leiarane i lokallaga .......... 45
Rekneskapen 2011 .......... 46
Medlemsoversikt .......... 47





***Tekst til framsidebiletet:***
*Bak få venstre:*
*Bente Gro Slettebø, Svein R Gjedrem, Svein Roald Tengesdal, Stein Pettersen, Solveig Ege Tengesdal, Anne Siri Høiland, Olaug Bollestad, Marthon Skårland, Ole Johan Vierdal*
*Framme frå venstre:*
*Gudmund Helland, Arnstein Gilje, Kjell Anders Heskestad, Kåre Søyland*


**JURIDISK BISTAND FOR LANDBRUKET**
**odelsrett, ekspropriasjon, skjønn, fast eiendoms rettsforhold, arv/skifte, generasjonsoverdragelser for øvrig alminnelig praksis**

HAVER Advokatfirma ANS er totalleverandør av forretningsjuridiske tjenester til næringsliv, kommuner, offentlige etater og privatpersoner. Vi er et av regionens fremste på fast eiendom og prosedyre. Firmaet har i dag til sammen 24 medarbeidere, hvorav 16 advokater og advokatfullmektiger.

Vi har kontorer i Stavanger og på Bryne, men påtar oss oppdrag fra hele landet. Firmaet er med i Advocatia – Norwegian Law Alliance – som er et landsdekkende advokatsamarbeid mellom åtte selvstendige advokatfirma med totalt ca 150 advokater.

**HAVER Advokatfirma ANS***
STAVANGER: Forusbeen 78, 4033 Stavanger. Telefon: 51 55 44 10. Faks: 51 55 44 11
BRYNE: Postboks 443, 4349 Bryne. Besøksadresse: Øgårdsbakken 3, 4340 Bryne. Telefon: 51 77 00 50. Faks: 51 77 00 51
E-post: post@haver.no | **www.haver.no**

Tor Haver | Endre Skjørestad | Anders Storaker | Toralf Haver | Carl Aasland Jerstad | Magnus Jonsbråten | Ellen Cecilie Mostad | Sindre Oftedal
Sven Anders S. Drangsholt | Kjersti Lunde | Elisabeth Nygård | Tom Kalsås | Bjarne Bekkeheien | Erik Bergslien | Inger Lise Hegre | Tore Tøsse Notøy

HAVER

**Frå styret:**

# 2011 eit spennande år ?

På mange måter ja, men det var av andre ting enn å vente på bebudet presentasjon av ny landbruksmelding som gjorde det.

Rogaland bondelag startet bondelagsåret med en budstikkestafett gjennom fylket. To budstikker startet sin ferd i Haugesund, ei budstikke tok indreveien gjennom Ryfylke og den andre tok ytreveien over Jæren. De to budstikkene møttes igjen i Bjerkreim, hvorfra de tok veien videre til Oslo. Om det bare var budstikkestafetten som inspirerte Bjerkreimsordfører Marton Skårland til å føre i pennen det som siden er blitt kalt "ordførerbrevet" skal være usagt. Kombinasjonen av dette brevet som ble undertegnet av nærmest alle ordførerne i Rogaland og bondelagets budstikke fikk en solid omtale i media. Dermed var målet med budstikkestafetten innfridd fra Rogalands del, og overleveringa av budstikker fra hele landet til Stortingspresidenten i Oslo fikk og god mediaomtale. Om budstikkestafetten ga uttelling i jordbruksforhandlingene vil vi aldri kunne gi et sikkert svar på.

Arbeidsområda som styret har vært gjennom har stort sett fulgt arbeidsplanen. Vi hadde et ønske om et større engasjement fra lokallaga i forbindelse med jordbruksforhandlingene, og om avtalen var god nok til å bli underskrevet. Undertegninga førte i alle fall til at et av fylkets største lokallagsstyre kollektivt meldte seg ut av Norges bondelag. Sterkere går det ikkje an å vise sin misnøye på at avtalen ble inngått. Det viser og bondelaget styrke at hele det aktuelle styret har meldt seg inn igjen, og at de ble gjenvalgt på sitt årsmøte.

2011 var valgår for kommune og fylkesting, og det kan nok tenkes at budstikkene og ikkje minst "ordførerbrevet" påvirket valget. Valgte leder i Rogaland bondelag ble valgt til ordfører i sin kommune, og så seg nødt til å trekke seg som bondelagsleder. Derfor står eg her i dag.

Utvikling og tilrettelegging med kompentanseheving for heile landbruket er og en sak som vi har arbeidet med og blant annet er det satt i gang et prosjekt på trainee ordning i landbruket. Regionalplan for landbruk i Rogaland er og et arbeid Rogaland bondelag har brukt mye tid på, og vi vil si oss vel fornøyd med Fylkeskommunens vedtak av denne planen. Den gir grunnlag for et godt samarbeid med fylkespolitikerne sett fra vår side, så får vi håpe det er gjensidig. Vi får i den anledning og ta med at "Fylkesdelplan for arealplanlegging og langsiktig byutvikling på Jæren" som er til revidering i fylkeskommunen, vil sende like positive signaler til oss. Jordvernsaken er brennaktuell i dag. Det er derfor med glede vi kan melde at Rogaland bondelag i disse dager inngår avtale med en resursperson som skal arbeide med arealforvaltning og også hjelpe lokallaga med en av deres største utfordringer med uttalelser til kommunale arealplaner og oppfølging av disse.

Revidering av gjødselforskrifter, spreieareal og innføring av vassdirektivet er og en sak som kan ha minst like konsekvenser for matfylket Rogaland. Her er vi og her må vi være på vakt. HMS arbeid på gården ser og ut til å gi positive resultater, men må ikkje nedprioriteres av den grunn. 0-visjonen gjelder selvfølgelig fortsatt.

Bondelagets deltakelse i samfunnsdebatten kan og vil aldri bli vurdert høgt nok. Som bonde forvalter vi den største og viktigste resursen i landet, ja ikkje bare i landet, hele verden er vel best dekkende. Mat og matproduksjon er det største maktmidlet som finnes i hele verden, derfor er det helt avgjørende at bondelaget deltar i alle tenkelige arenaer der temaet kan påvirke muligheten for framtidig matproduksjon. Det gjelder og landbruksbasert næringsutvikling. Ny strategiplan for Rogaland bondelag er vedtatt og på plass.

Biogass-produksjon er og et prosjekt som har krevd arbeidsinnsats, og selv om det er vedtatt en egen Stortingsmelding om biogass-produksjon er det ingen signaler om midler til dette i landbruksmeldinga eller i andre forpliktende dokumenter. Vi kan bare håpe på at det kommer, og at midlene er "friske". Hvis ikkje vil biogass-produksjon aldri bli noe annet enn en ny utgiftspost for landbruket.

Tollvernet er nærmest helt oppbrukt hvis ikkje myndighetene nytter muligheten til å velge mellom krone og prosenttoll for å få best mulig tollvern, slik som det er full annledning til å gjøre.

Så er det på tide til å kommentere landbruksmeldinga. Den kom nå helt på slutten året og den er ikkje vedtatt av Stortinget enda. Vi må allikevel anta at den blir vedtatt tilnærmet slik den foreligger, så lenge det er en flertallsregjering som fremmer den. For Rogalandsbonden er den et signal om at det er resten av landet som blir prioritert. Et produksjonsmål om å følge folketilveksten i landet er bra, selv om det etter den såkalte smørkrisen ville vært et politisk selvmål å ikkje ha et slikt mål. Men det er nødvendig å ha økonomi i den enkelte produksjon for å kunne produsere over tid. Når landbruksmeldinga helt klart signaliserer at Landbruk- og Matdepartementet skal vurdere soneinndelingen for ulike støtteordninger og at Rogaland ikkje skal styrkes på driftstilskudd så vil det tilsi at Rogalandsbonden skal fratas inntekt. Dette er en direkte trussel mot matfylket Rogaland som vi må bruke all vår energi og kløkt på å forhindre.

Helt til slutt, 2012 er FNs internasjonale samvirkeår. For Rogaland er det faktisk viktigere enn noen gang. Målet er det samme som det alltid har vært:

Å sikre bonden hans rettmessige del av verdiskapingen. Vi må ikkje falle i den fellen å tro at andre enn oss selv vil passe på våre interesser!

Rogaland bondelag ønsker alle våre medlemmer og andre kontakter et godt år og ser fram til et spennende og aktivt år.

**VIERDAL** ADVOKATFIRMA AS

**TELEFON 51 91 75 00**

BERGELANDSGATA 13, POSTBOKS 719, 4003 STAVANGER, TELEFAKS 51 91 75 01
e-post: kontoret @vierdal.no www.vierdal.no

• FAST EIENDOM • ODELSRETT • SKATTERETT • ARV/GENERASJONSSKIFTE
•SKIFTEOPPGJØR • EKSPROPRIASJON/SKJØNN • ERSTATNINGER
•GJELDSFORHANDLING

ALMINNELIG PRAKSIS.

ADV. KÅRE VIERDAL, ADV. PAUL AAKRE, ADV. FREDRIK BIE, ADV. FLEMMING M. KARLSEN, ADV. EDLE ENDRESEN,
ADV. HEGE OFTEDAL, ADV. RAGNHILD PEDERSEN, ADV. KRISTIN FJELD-EIKEN
ADV. FLM. DAG JOSEF FOSS ALSVIK, ADV. FLM. HELEN BERGESEN, ADV. FLM. GUNNAR STOKKE

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE
VIKSE, HAUGLAND, BERGE OG BACHMANN
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESSKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund
www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

**Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.**

Advokat Bjørn O. Vikse
Tlf.: 52 70 87 50
Mobil: 950 42 999
vikse@advokateneimarkedet.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett
Tlf.: 52 70 87 55
Mobil: 901 24 723
haugland@advokateneimarkedet.no

Advokat Ole Johan Berge
Tlf.: 52 70 87 60
Mobil: 917 96 357
berge@advokateneimarkedet.no

Advokat Trond Jarle Bachmann
Tlf.: 52 70 87 57
Mobil: 916 77 877
bachmann@advokateneimarkedet.no

# Årsmøtet 2011

Årsmøtet vart halde på Rica Maritim Hotel, Haugesund 11. og 12. mars 2011. Ordstyrar var Arna Høyland, Nærbø.

**Deltakarliste**

Det møtte 76 utsendingar frå 37 lokallag, seks frå styret, fire medlemmer av årsmøtet til Norges Bondelag i tillegg til dei som møtte på anna grunnlag, to frå Rogaland Bygdekvinnelag, to frå Rogaland Bygdeungdomslag og møteleiaren – totalt 91 røysteføre. I frå Norges Bondelag deltok første nestleiar Berit Hundåla, Nordland. I tillegg var det fleire gjester.

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

Fylkesleiar Ole Johan Vierdal ønska årsmøteutsendingar, æresmedlemmer og gjester velkomne og gav ordet til ordstyraren. Arna Høyland refererte innkallinga og saklista for årsmøtet. Ingen hadde merknadar og ho erkjente årsmøtet som lovleg sett og gjorde det ope for presse og gjester, men med høve til å lukka årsmøtet dersom saker skulle tilseia det.

Til å skriva under møteboka saman med ordstyraren, vart Gunn Marit Svihus, Sandnes og Ole Martin Eikeland, Suldal valde.

Møteleiaren las opp minneord om tidlegare fylkesleiar Torleif Gaute Hognestad som gjekk bort 2. november 2010.

**Leiars tale**

I talen sin trekte leiaren opp mange element og tok innleiingsvis opp arbeidet med ny landbruksmelding regjeringa arbeider med og som ein ventar vert lagt fram før sommaren. Han understreka at skal næringa overleve må me få til ei rekruttering av nye unge bønder som vil driva norsk landbruk inn i framtida. - Eit av dei virkemidla som kan nyttast her er investeringsmidlar understreka han. Det vil halde byggekostnadane nede. Det er kanskje noko av det mest alvorlege innafor landbruket at investeringane har stoppa opp og med det optimismen og trua på framtida.

Det viktigaste av alt i denne samanhengen er å halda trykk på regjeringa for å auka inntekta i landbruket poengterte Vierdal. Det hjelper ikkje berre med å auka investeringsmidlar og stimulera til meir nybygg, dersom det ikkje er inntekt til å driva etter at bygget er satt opp. Ein kombinasjon av auka lønnsemd og investeringsmidlar er det enklast å få gjennom hos staten.

Ang. viktige saker under årets jordbruksforhandlingar poengterte Vierdal at ei sletting av minusane som blei påført Rogaland og spesielt Jæren under forhandlingane i fjor, må vera det første som vert vedteke. Han kom også inn på saka om deling av fylket kvotemessig som vart fremma av fylkeslaget i fjor. Han understreka at styret hadde brukt mykje tid på dette spørsmålet, - men for å seia det ein gong til og for å slå det heilt klart fast - det var ikkje vår meining å straffa nokon, det vart gjort for å styrkja distriktsjordbruket og oppretthalda mjølkeproduksjonen i distrikta. - Det er me alle einige om, forsvinn mjølka då raknar resten fort. Difor har styret endra på vedtaket sitt og vil arbeida aktivt for å oppretthalda eit aktivt landbruk over heile fylket i trå med nasjonale mål om å ha eit aktivt landbruk over heile landet.

Han kom og inn på korn og kraftfôrpolitikken. - Med ein høgare verdsmarknadspris på korn enn den norske kornprisen, tenkjer me fort på det som skjedde i 2008. Det er derfor viktig at me har fordelingsverktøyet av det norske kornet på plass slik at ein slepp å lura på kor mykje norsk korn ein får i år. Me kan ikkje leva med denne usikkerheita framover for til sjuande og sist er det den norske bonden som taper på dette. Me i Rogaland Bondelag har sagt heile tida at det er viktig å få på plass kvalitetsbetaling på korn. Me forstår at ting kan ta litt tid, men nå bør ein sette meir fokus på dette problemet. Det har ikkje skjedd nok gjennombrot her enda, men det er på høg tid det skjer.

I talen sin var han og kort innom både situasjonen veksthusnæringa var gjennom i fjor ved at det var for stor produksjon av tomat. Også kjøret pelsdyrnæringa fekk i media hausten 2010 tok han opp og meinte at landbruket må verna om denne næringa. - Gjennom dette ser me kor sårbart landbruksnæringa er. Denne gongen var det pelsdyrnæringa som blei ramma, kven blir den neste? – Gris, kylling?

I slutten av talen sin orienterte fylkesleiaren kort om opplegget med stafetten Norges Bondelag hadde set i gang i samband med at regjeringa arbeider



*Fylkesleiar Ole Johan Vierdal held sin årsmøtetale.*

med ny landbruksmelding. I Rogaland er det lagt opp til at to budstikker skal gå rundt i fylka der lokallaga i kvar sin kommune skal ha markeringar etterkvart som budstikka kjem fram. Under årsmøtet starta ein for Rogaland sin del stafetten og fylkesleiaren saman med første nestleiar i Norges Bondelag Berit Hundåla, overrekte kvar si budstikke til leiaren i Skåre Bondelag, John Egil Frøystad og til leiaren i Tysvær Bondelag, Svein Ivar Dybdal.

Utføre årsmøtelokallaga stod eigen hesteskyss og med den drog styremedlemmene frå dei to lokallaga med heile årsmøtedeltakarane etter seg, opp til Rådhusplassen i Haugesund der formannskapsmedlem for KrF i Tysvær kommune, Svein Terje Brekke og bystyremedlem for Venstre i Haugesund, Marit Wikstrøm skreiv under på kvar sitt opprop.

Etter dette gjekk årsmøtedeltakarane tilbake til hotellet og forsette årsmøtet.



*Org. sjef Svein Helge Harbo vart utnemnd til æresmedlem i Rogaland Bondelag,*

### Oppnemning av organisasjonssjef Svein Helge Harbo til æresmedlemmer

Før debatten etter fylkesleiar Ole Johan Vierdal sin tale, fekk han årsmøtet si tilslutning til å oppnemna organisasjonssjef Svein Helge Harbo til æresmedlemmer i Rogaland Bondelag. Grunngevinga for oppnemninga var etter styret i Norges Bondelag sitt vedtak av 9. februar 2011, med takk for trofast arbeid i bondereisinga. Overrekkinga av æresdiplomen og avtakking frå lokallaga og andre etter 30 års teneste for organisasjonen, vart føreteke under middagen om kvelden. Harbo sluttar i stillinga som organisasjonssjef i Rogaland Bondelag 31. mars 2011.

På grunnlag av leiaren sin tale opna ordstyraren opp for debatt. Det vart ein omfattande og god debatt og nokre av punkta som vart nemnde var:

- Fleire retta ein takk til fylkesleiaren for ein grundig og god tale.
- Eit billeg kraftfôr vil fortrengja norsk grovfôr. Ønskje om å redusera kostnadane i norsk landbruk med bruk av midlar til prisnedskriving av korn, går i mot ønskje å verdsetja norskprodusert grovfôr.
- Det vart beklaga at Rogaland Bondelag gjekk frå vedtaket om å dela fylket inn i to kvotesoner. Andre gav uttrykk for at det var positivt at styret endra vedtaket sitt. Det er viktig at fylkeslaget går aktivt inn for å styrkja distriktsjordbruket.
- Det var gitt uttrykk for at ein bør avskaffa ordninga med privat omsetning og leige av mjølkekvoter.
- Kvifor sluttar mjølkeprodusentane? Tek ein til å trappa noko ned er ein snart ute av heile produksjonen.
- Det vart foreslått å senda uttale/brev til Norges Bondelag der årsmøtet sterkt oppfordrar hovudorganisasjonen å ta grundig fatt i spørsmålet om kvalitetsbetaling av fôrkorn og sikra marknadsordninga for korn. For å oppnå noko av dette bør ei brei samansett gruppe få i oppgåve å ta fatt på saka. (Sjå avsnittet lenger nede om resolusjon.)
- Det vart gitt ros til fylkesleiaren for det han hadde gjort overfor pelsdyrnæringa då media retta sterkt fokus på næringa i haust.
- Dert vart og gitt uttrykk for skuffelse overfor andre nestleiar i Norges Bondelag sitt utsagn under samrådingsmøtet Rogaland Bondelag hadde 23. februar. Til denne saka bad Berit Hundåla – 1. nestleiar i NB om ordet og sa at ho stilte seg heilt bak beklagelsen leiaren i NB Nils T. Bjørke, hadde i Bondevennen nr 10. Styremedlem i RB Per Inge Egeland sa i ein replikk til denne saka, at det som gjekk fram av leiaren i BV nr 9 ikkje var ballansert ut frå det som hadde vorte sagt i nemnde møte.
- Bondelaget må ikkje gløyma kombinasjonsbruka. At ein har fleire produksjonar på bruket gjer at ein kan driva som bonde på heiltid.
- Velferdsordningane til bøndene må styrkjast. Vi må halda på gode avløysarar.
- Bøndene må vera stolte av å vera bønder og over dei gode og sunne matvarene vi produserer.
- Vi må ikkje få a- og b-bønder – dei som har satsa i forhold til dei som ikkje gjer det. Vi må stå saman og størrelsen på bruka må ikkje få splitta oss.
- Problemet er at vi er fornøgde med lite.
- Strekt oppmoding om å stå saman. Ingen må oppfatta seg som den store stygge ulven som vil andre til livs.
- Jordvernarbeidet i organisasjonen må styrkast.
- Rovdyrpolitikken – skadegjerarar må takast ut snarast rå etter at dei har gjennomført åtak på beitedyr. Representantar frå SNO må varslast straks ein observerer rovdyr eller skade etter dei.
- Heile ordninga med kvoter for mjølk må vurderast på nytt.
- Vi kan ikkje ha eit landbruk som er basert på utanlands korn og arbeidskraft.

Etter debatten kommenterte fylkesleiaren fleire av innlegga og takka for

engasjementet. Etter forslag frå ordstyraren gjorde årsmøtet vedtak om å ta leiaren sin tale og den påfølgjande debatten til orientering.

Med grunnlag i debatten og innlegget til Ingve Skretting, Varhaug om kornkvaliteten fekk ordstyraren årsmøtet med seg på å setja ned ein eigen resolusjonskomite som skulle arbeida vidare med uttalen og leggja fram eit endeleg forslag til uttale. Med i komiteen vart: Arnstein Gilje, leiar, Ingve Skretting, Olav Røysland, Tor Gaute Eikeland og Ole Martin Eikeland med Olav Sande som sekretær.

På grunn av tida fekk ordstyraren også årsmøtet med seg på å utsetja **sak 1 Årsmelding for 2010 og sak 2 Rekneskapen for 2010** til andre dag.

### Utfordringar norsk landbruk står overfor – forventningar til ny landbruksmelding og vårens forhandlingsrunde

Dette var temaet til første nestleiar i Norges Bondelag, Berit Hundåla. I innlegget sitt peika ho innleiingsvis på at landbruket er ei politisk næring og viste til hovudavtalen av 1950 der landbruket fekk den forhandlingsretten landbruket har direkte med staten. Politisk er det også stor interesse for landbruket i Stortinget og viste til at sist landbruket var tema på stortinget var det rekord for kor mange som deltok i debatten.

Bondelaget sine ambisjonar med den nye landbruksmeldinga er:

- Å auka mat- og energiproduksjonen basert på norske ressursar
- Utnytta norske ressursar
- Eit sterkt jordvern
- Fossilfri og netto energileverandør innan 2030
- Økonomiske rammevilkår som vil gi inntekt og investering

Ho frykta at politiske krefter på stortinget vil signalisera at ein må tona ned kravet om inntektsutvikling, men bondelaget og landbruket vil stå hardt på dette. Også under årets forhandlingar vil inntektskravet vera eit klart og sentralt krav.

Ho kom også inn på WTO-forhandlingane i Geneve. Forhandlingane stranda i 2008, men dei er starta opp at nå i vinter/vår og etter signal frå forhandlingane frykta ho for at ein måtte akseptera større importkvotar av matvarer. Ho såg vidare ikkje vekk frå at det kunne verta markeringar seinare i år i samband med WTO-forhandlingane.

Etter innlegget henna vart det opna for debatt. Nokre av innspela i denne debatten var:

- Det er eit tankekors at sauen nyttar meir kraftfôr pr kg kjøtt enn det grisen brukar
- Minusane Jær-jordbruket vart utsett for under forhandlingane i fjor, må rettast opp i komande forhandlingar
- Vi må ta inn over oss at matfatet vert tomt. Vår jobb er å fylla det.
- Det er forbrukarsubsidiering å nytta prisnedskriving av norsk korn til kraftfôr. Prisen på matvarer må opp.
- Kraftfôrprisen har gått opp med 62 øre dei siste fem åra.
- Kan vi vinna meir via skatteretta tiltak, sleppa momsoppgjerdet?
- Landbruket må ikkje driva å sloss mot kvarandre.
- Det var i 12-time at vi fekk på plass %-toll på drikkemjølk. Vi må og få %-toll på osteprodukt.
- Vi har 3.500 tonn for lite storfekjøtt. Det må gjerast grep for å fulla opp dette underskotet. Mjølkeproduksjonen greier det ikkje aleine.
- Vi må ikkje gløyma at vi har eit politisk landbruk
- Jordvernet må styrkjast.




Etter debatten kommenterte Berit Hundåla enkelte innlegg.

### Landbruket i Rogaland sin verdi for næringslivet og sysselsettinga. Korleis oppretthalda og vidareutvikla landbruksfylket nr 1

Dette var temaet LO-sekretær i Rogaland, Øystein Hansen hadde fått tildelt. Han takka for invitasjonen til å vera med på Bondelaget sitt årsmøte og var positiv overraska over kor mange unge utsendingar det var i salen. Han gav og klart uttrykk for at han ønska meir kontakt med Bondelaget og inviterte til eit breiare samarbeid framover. Han gav uttrykk for at LO og Bondelaget hadde mange felles saker dei kunne samarbeida om og trudde at vi passa betre saman enn det vi sjølv trur i første omgang.

Han var innom Matkjedeutvalget som skal leggja fram si innstilling 13. april og håpte at innstillinga tok eit oppgjerd med matkjedane si makt og understreka at foredlingsbedriftene innan landbruket er viktige.

Etter innlegget var det fleire som tok ordet og frå Bondelaget si side vart det gitt tilbakemelding om at også fylkesbondelaget er interessert i eit meir omfattande samarbeid med LO i fylket.

**Kolbjørn Taklo** frå Landbrukets HMS-teneste orienterte om Landbrukshelsa sitt arbeid og oppfordra alle bønder om å melda seg inn i landbrukets HMS-teneste. I Rogaland er det 5 rådgivarar og Taklo ønska at lokallaga nytta desse meir i lagsarbeidet rundt omkring i fylket. Styret for L-HMS-teneste har sett som mål å dobla medlemstalet til Landbukshelsa innan 2014 slik at det då vert 6.500 medlemmer. Rogaland har i dag ca 10 % av medlemmene. Han bad om hjelp frå bondelaget om å nå dette målet.

**Ove Aanestad,** tillitsvald i Landkreditt Bank, orienterte etterpå om avtalen ang. banktenester Landkreditt Bank og Norges Bondelag hadde underteikna for vel eit år sidan.

### Lukka møte

Etter dette vart årsmøtet lukka – berre årsmøtedelegatane og tilsette ved kontoret - hadde høve til å vera til stades.

*LO – sekretær Øystein Hansen var invitert til årsmøtet.*

Temaet var: **Orientering og drøfting av evt. opplegg for markering i samband med jordbruksforhandlingane.**

Berit Hundåla orienterte først ut frå Norges Bondelag sitt aksjonsutval som hadde sett spesielt på aktuelle tiltak. Ved brot ville første fase vera umiddelbare reaksjonar – punktaksjonar - lokallaga i hovudsak står for. I andre fase ville det vera meir organisert opplegg der fylkeslaget har ein viss rolle. Det heile ville avsluttast med ei samling/demonstrasjon i Oslo. Ho var og inne på "fredsplikta" under forhandlingane og understreka at den var absolutt.

I sitt innlegg kom fylkesleiar Ole Johan Vierdal inn på drøftingar styret i Rogaland Bondelag hadde på møtet 8. mars. Styret la opp til å følgja opplegget til utvalet sentralt samt følgja planane fylkeslaget hadde i fjor. Han oppmoda sterkt til mobilisering dersom brotsituasjonen skulle oppstå.

Under debatten var det klare signal om at ein må gå på politikarane – regjeringa og stortinget og ikkje ramma forbrukarane. Medlemmene ville reisa til Oslo og markera motstande med eit dårleg oppgjerd der. Den generelle oppfordringa var at - vert det brot så må ein stilla opp og gjennomføra det som vert planlagt. Då er det ikkje tid for gruppemøte.

**Slutt første dag**

**Under middagen** om kvelden var det først underholdning lokallaga i Nord-Rogaland stod for. Leiaren i Verveutvalet May Ann Levik delte så ut Aktivitets-prisen/pris til Årets lag i Rogaland - til det mest aktive lokallaget i 2010. Juryen for utvelginga var arbeidsutvalet til Rogaland Bondelag og leiaren i verveutvalet. Dei var kome til at **Aktivitetsprisen - 2010** skulle gå til Bjerkreim Bondelag. Under årsmøtemiddagen overrekte leiaren i Verveutvalet møteklubbe som synleg bevis på dette til leiaren i Bjerkreim Bondelag Svein Roald Tengesdal. I tillegg får laget tilsendt 5.000 kr frå Norges Bondelag.

Etter dette vart org.sjef Svein Helge Harbo takka av etter 30 års teneste for Rogaland Bondelag. Diplomen som synleggjer æresmedlemsskapet årsmøtet godkjende tidlegare på dagen, vart overrekt av fylkesleiaren. Dessutan vart han takka av frå lokala vet at ein frå kvar region overrekte gaver og retta ein stor takk til Harbo for hans innsats. Det var og uttrykt takk og gåve frå fylkesstyret, Rogaland Bygdekvinnelag og frå tidlegare leiarar. Kona Åslaug, fekk og takk for "lånet" av mannen gjennom mange år. Svein Helge Harbo retta til slutt ein stor takk tilbake til heile organisasjonen for samarbeidet og dei mange positive tilbakemeldingane gjennom åra.

## Andre dag

Ordstyraren tok først opp sakene årsmøtet aksepterte vart ført over frå første til andre dag.

## Sak 1 - Årsmelding for 2010

Nestleiar Arnstein Gilje gjekk gjennom årsmeldinga og refererte overskriftene for sakene styret hadde arbeidd med og som var nemnde i årsmeldinga.

## Sak 2 - Rekneskap for 2010

Organisasjonssjefen gjekk gjennom rekneskapen og trekte fram hovudpunkta og forklarde enkelte postar og særleg grunnane for at fylkeslaget kom ut med eit underskot på vel 80.000 kr. Han informerte og årsmøtet om kvifor ein hadde samla avsette midlar til ein sum og lagt den inn i fylkeslaget sin eigenkapital.

Det var eit par spørsmål til årsmeldinga og rekneskapet. Desse vart svara på av styret og administrasjonen. Etter det tok ordstyraren årsmelding og rekneskap opp til godkjenning. Begge vart einstemmig godkjende.

## Sak 3 - Budsjett for 2010

Org.sjefen gjekk kort gjennom styret sitt forslag til budsjett og informerte at at rekneskapen frå og med 1. januar 2011 vil rekneskapen vart ført sentralt i Norges Bondelag og at det ville verta revidert av revisoren til Norges Bondelag. Difor skulle det heller ikkje veljast revisorar under valet.

## Sak 4 - Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2010 – 2011

Styremedlem Gette Eidesen gjekk gjennom hovudpunkta i styret sitt forslag. Den byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen Vi får Rogaland til å gro.

Det var så opna for debatt på sak 3 og 4.

Det var ingen som hadde merknadar til framlagd budsjett og arbeidsplanen og begge vart einstemmig godkjende.

## Resolusjonen

Med grunnlag i Ingve Skretting sitt forslag til uttale frå årsmøtet under den generelle debatten etter leiars tala, hadde resolusjonskomiteen drøfta uttalen og la fram følgjande forslag til årsmøtet:



*Lena Dybdal sang under årsmøtemiddagen.*

***"Husdyrbonden ynskjer å bruka mest mogleg norsk korn i kraftfôret!***

*Landbruket i Norge er basert på mest mogleg eigenprodusert fôr, det er med god utnytting og god kvalitet av beite, høg grasproduksjon og godt korn til mat og fôr. God kvalitet på fôret og produkta er avgjerande for økonomien på garden.*

*Innhaldet av mykotoksiner i korn som går til kraftfôr har i periodar vore alt for høgt. Det gjer dårlegare økonomi for bonden og dyrvelferden vert i enkelte høve utfordra.*

*Rogaland Bondelag ønskjer at Norges Bondelag tek tak i denne problemstillinga:*

*1. At det i årets jordbruksforhandlingar finn måtar som på ein betre måte prissett god kvalitet på korn med også å gjelda innhaldet av mykotoksiner.*

*2. Ein ber Norges Bondelag oppretta ei gruppe beståande av kornutvalet, representantar frå bransjeforumet for kraftfôrprodusentane og faglaga for dei enkelte husdyrproduksjonane. Mandatet til gruppa skal vera å arbeida fram felles bransjekrav for kvalitetsbetaling på korn, der blant anna innhald av mykotoksiner er ein del av grunnlaget for kornoppgjeret."*

Resolusjonen var einstemming godkjent.

### Orientering
Svein Atle Steinbru, landbruksansvarleg for Vestlandet hjå Gjensidige Forsikring, informerte om den nye avtalen Gjensidige og Norges Bondelag har underteikna ang. forsikringsordningar for bøndene.

### Sak 5 Val
For å få oversikt over kor mange delegatar med stemmerett som var til stades, vart det føreteke eit nytt namneopprop. Det viste at det i salen var 85 utsendingar med stemmerett.

Leiaren i valnemnda Ragnhild Dyngeland orienterte om arbeidet i valkomiteen og la fram valnemnda si innstilling. Etter førespørsel frå ordstyraren om det var noko som hadde generelle merknadar til valnemnda si instilling. Alle forslaga i innstillinga frå valnemnda var einstemmige. Ordstyraren leia valet.

### 1. Leiar for 1 år
Etter forslag frå valnemnda vart **Ole Johan Vierdal,** Vats vald til ny leiar med 84 stemmer, 1 blank stemme.

### 2. To styremedlemmer for 2 år - frå Nord-Rogaland og Ryfylke
Valnemnda sitt forslag var attval på Gette Eidesen, Skåre for Nord-Rogaland og Lisa Breiland, Finnøy (ny) for Ryfylke. Odd Sele, Bore føreslo attval på Per Inge Egeland, Hjelmeland for Ryfylke, andre i årsmøtet støtta dette forslaget. Det vart foreteke skriftleg val – eit om gangen.

**Gette Eidesen** vart vald for Nord-Rogaland med 80 stemmer, ei blank

**Per Inge Egeland** vart vald med 62 stemmer. Lisa Breiland, Finnøy fekk 20 stemmer, 3 blanke.

### 3. Nestleiar for 1 år
Etter forslag frå valkomiteen vart **Arnstein Gilje**, Stavanger, vald med 80 stemmer, ei stemme på Stein Pettersen, ei stemme forkasta og ei blank stemme.

### 4. Tre varamedlemmer til styret for 1 år
Valnemnda sitt forslag var:
1. vararepresentant
Sonja Herigstad Skårland, Time - ny
2. vararepresentant
Svein Olav Tengesdal, Eigersund - ny
3. vararepresentant
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal - attval

**1. vararepresentant:** - Norleif Fjeldheim, Skjold føreslå Lisa Breiland, Finnøy som første vararepresentant i staden for valnemnda sitt forslag på **Sonja Herikstad Skårland**. Ved skriftleg avstemming vart Sonja Herigstad Skårland, Time vald med 44 stemmer. Lisa Breiland, Finnøy fekk 39 stemmer, ei forkasta.

**2. vararepresentant:** - Jon-Arne Vadla, Sjerarøy føreslo Lisa Breiland, Finnøy i staden for Svein Olav Tengesdal. Ved skriftleg avstemming vart **Lisa Breiland,** Finnøy vald med 49 stemmer. Svein Olav Tengeasdal fekk 35 stemmer

**3. vararepresentant:** - Valnemnda sin representant **Ola Andreas Byrkjedal,** Gjesdal vart vald med akklamasjon.

### 5. Fem utsendingar til årsmøtet i NB for 2 år
Fylkeslaget har over 6.000 medlemmer. Det gir grunnlag for 11 utsendingar. Seks vart valde for to år under årsmøtet i fjor.

**For Nord-Rogaland** var **Gette Eidesen,** Skåre foreslått av valkomiteen og vald ved akklamasjon.

**For Ryfylke** var May Ann Levik, Forsand foreslått av valkomiteen. Stein Pettersen føreslo Per Inge Egeland, Hjelmeland i staden då han nett hadde vorte vald som styremedlem. Ved skriftleg avstemming vart **Per Inge Egeland** vald med 80 stemmer, May Ann Levik fekk 3 stemmer, 1 blank.

**For Jæren** vart **Arnstein Gilje**, Stavanger vald med akklamasjon.

Christian Aasland, Time var foreslått av valnemnda. Ola Eikeland føreslo Olav Aasland, Time i staden. Ved skriftleg avstemming vart **Olav Aasland** vald med 66 stemmer. Christian Aasland fekk 15 stemmer, 3 blanke.

**Kristin Hesby,** Randaberg vart vald med akklamasjon.

### 5b. 11 vararepresentantar for eit år:
Valkomiteen sitt forslag var følgjande
1. Terje Taule, Helleland
2. Gerd Johanne Bøe, Fogn
3. Andreas Lundegård, Vats
4. Arnstein Røyneberg, Sola
5. Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim
6. Olav Vestersjø, Hjelmeland
7. Solveig Øie, Tysvær
8. Anne Skasheim, Bore
9. Norleif Fjeldheim, Skjold
10. Roar Lima Grødeland, Orre
11. Øyvind Steinsnes, Lund

Desse med Olav Sande som 12. vararepresentant vart valde med akklamasjon.



*Svein Roald Tengesdal på talarstolen*

**6. Ordstyrar og varaordstyrar for leiarmøtet i 2011 og årsmøtet i 2012**
Valkomiteen sitt forslag var Ragnhild Dyngeland, Time med Bjørn Steinar Nesheim, Vats som varaordstyrar.

Ole Andreas Aarsland føreslo attval på Arna Høyland, Nærbø som ordstyrar i staden for Ragnhild Dyngeland. Odd Sele meinte at sidan det var forslag om attval som ordstyrar, vart sitjande ordstyrar ugild under dette valet. Ho bad Arnstein Gilje om å leia valet. Ved skriftleg avstemming vart **Arna Høyland** vald med 77 stemmer. Ragnhild Dyngeland fekk 5, Bjørn Steinar Nesheim fekk 1 og ei var blank.

Arna Høyland tok over att som ordstyrar

Som varaordstyrar vart **Bjørn Stein Nesheim,** Vats vald med akklamasjon.

**7. 4 medlemmer med vararepr. til valnemnda for årsmøta i 2012 og 2013**
Etter forslag frå valnemnda vart følgjande valde med akklamasjon:

Frå Jæren: Hanne Elise Lindal, Nærbø med varar. Roar Lima Grødeland, Orre

Frå Dalane: Terje Taule, Helleland med varar. Svein Roald Tengesdal, Bjerkreim

Frå Ryfylke: Gerd Johanne Bøe, Fogn med varar Olav Dysjaland; Rennesøy

Frå Nord-Rogaland; Arve Mjølhus, Vats med varar. Kjell Tomas Kirketeig, Ølen

**8. Leiar og nestleiar i valnemnda;**
Leiar: Sigmund Slettebø, Eigersund
Nestleiar: Svein Ståle Kolstø, Karmøy

**Ordet fritt og helsingar**
Under ordet fritt tok Solveig Øye, Tysvær opp spørsmålet om kva som kunne gjerast for at landbrukskontora i kommunane skulle ta opp saker. Sjølv hadde ho vore utsett for at landbrukskontoret i Tysvær hadde trenert ei sak ho hadde teke opp fleire gonger.

Under og etter vala vart det opna for å koma fram med det ein ønskte. Leiar i Rogaland Sau og Geit Ole Jonny Espevold takk for samarbeidet. Svein Dybdal takka avtroppande org.sjef og kontoret for støtte og god hjelp. Elles var det helsingar frå RBU ved Stian Sviland og Nikolay Valheim som orienterte om NBU sitt landstemne for 2011 som skal vera på Nærland. Dei oppmoda til frivilleg hjelp i samband med gjennomføringa av stemnet.

Leiar i RBK Margunn Nedrebø takka for samarbeidet med RB.

Til slutt takka fylkesleiaren dei som gjekk ut av styret, tilsette ved kontoret og ordstyraren. Ordstyraren takka for eit godt årsmøte og heva møtet kl 13.00.

# Husdyrbonden ønskjer å bruka norsk korn – uttale frå RB sitt årsmøte

Under årsmøtet til Rogaland Bondelag i Haugesund 11. og 12. mars vart spørsmålet ang. kvalitet på norsk korn til kraftfôr teke opp i diskusjonen. Med grunnlag i dette fremja Ingve Skretting, Varhaug forslag til ein resolusjon til Norges Bondelag der temaet vart teke opp.

Ei eiga resolusjonsnemnd vart nedsett og dei gjekk gjennom framlagt forslag og med mindre endringar vart følgjande uttale einstemmig vedteken og vert med dette sendt over til Norges Bondelag for vidare oppfølging:

**”Husdyrbonden ynskjer å bruka mest mogleg norsk korn i kraftfôret!**
Landbruket i Norge er basert på mest mogleg eigenprodusert fôr, det er med god utnytting og god kvalitet av beite, høg grasproduksjon og godt korn til mat og fôr. God kvalitet på fôret og produkta er avgjerande for økonomien på garden.

Innhaldet av mykotoksiner i korn som går til kraftfôr har i periodar vore alt for høgt. Det gjer dårlegare økonomi for bonden og dyrvelferden vert i enkelte høve utfordra.

Rogaland Bondelag ønskjer at Norges Bondelag tek tak i denne problemstillinga:

1. At det i årets jordbruksforhandlingar finn måtar som på ein betre måte prissett god kvalitet på korn med også å gjelda innhaldet av mykotoksiner.

2. Ein ber Norges Bondelag oppretta ei gruppe beståande av kornutvalet, representantar frå bransjeforumet for kraftfôrprodusentane og faglaga for dei enkelte husdyrproduksjonane. Mandatet til gruppa skal vera å arbeida fram felles bransjekrav for kvalitetsbetaling på korn, der blant anna innhald av mykotoksiner er ein del av grunnlaget for kornoppgjeret.”

Årsmøtet reknar med at Norges Bondelag tek opp saka og arbeider vidare med ho.



*Foto Bondevennen.*



# Styret og utval

**Styret**
Ole Johan Vierdal, Vats, leiar
Arnstein Gilje, Stavanger leiar frå 1. oktober
Per Inge Egeland, Hjelmeland nestleiar frå 1. oktober
Stein Pettersen, Bjerkreim
Gette Eidesen, Skåre, Haugesund
Torstein Gjerdevik, RBU
Liv H. Svendsen, , RBK

1.v.m. Sonja Herikstad Skårland, Time
2.v.m. Lisa Breiland, Finnøy
3.v.m. Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

**Arbeidsutvalet**
Ole Johan Vierdal
Arnstein Gilje
Sekretær: Olav Sande/
Marianne Osmundsen

**Utval direkte tilknyta fylkeslaget:**
**Informasjonsutvalet**
Arnstein Gilje, Stavanger - leiar
Gette Eidesen, Skåre
Sonja Herikstad Skårland, Time
Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund
Børge Ness, Strand
Sekretær: Målfrid Husebø

**Grøntutvalet**
Ståle Runestad, Fogn - leiar
Øystein T. Kleppa, Årdal
Ola Sunde, Orre
Odd Sele, Bore
Arne Vagle, Landbruksrådgivinga
Sekretær: Olav Sande

**Verveutvalet**
May Ann M. Levik, Forsand, leiar
Kjell Høyvik, Tysvær
Geir Oluf Hareland, Gjesdal
Sekretær: Signe Henriksen

**Samarbeidande utval**
**U-landsutvalet**
RB - Elisabeth K. Nesheim, leiar
RBK - Målfrid Stangeland, Sandnes
Samarb.rådet - Terje Øen,
TINE Meieriet Sør
Rog. 4H - Åse Marit Hodnefjell
Sekretær: Målfrid Husebø

til Rogaland Bondelag – 2011

**Jordvernutvalet**
Roy Engelsvoll, Nærbø, leiar
Andreas Lundegård, Vats
Gette Eidesen, Haugesund
Andreas Joa, Sola, Jordvernforeninga
Erik Thoring, Naturvernforbundet i Rogaland
Sekretær: Olav Sande

**Samarbeidsutval Rogaland Bondelag/ Gjensidige Forsikring, Rogaland**
Arnstein Gilje, Stavanger
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Olav Sande

## Desse har representert Rogaland Bondelag i følgjande organ i 2010

**Styret i RBU**
Sonja Herikstad Skårland, Time

**Styret i RBK**
Stein Pettersen, Bjerkreim

**Utsendingar til RBU sitt årsmøte**
Arna Høyland
Ove Morten Sør Reime

**Utsendingar til RBK sitt årsmøte**
Sigmund Wiig, Orre
Jon Serigstad. Klepp

**Styret i Samarbeidsrådet for landbruksorg. i Rogaland**
Ole Johan Vierdal, Vats, nestleiar
Arnstein Gilje, frå 1. oktober
Medlem i Innovasjon Norge, styret i Rogaland
Ole Johan Vierdal, Vats

**Kontaktperson for Landbrukets HMS -tjeneste**
Per Inge Egeland, Hjelmeland

**Heimevernets distriktsråd – felles for Rogaland og Agder**
Audun Meland, Hægebostad – fast medlem
Vararepr Gunleif Risa, Nærbø

**Regionalt miljøprogram**
Styringsgruppa: Arnstein Gilje, Stavanger
Prosjektgruppa: Olav Sande

**Ressursgruppe for Økologisk landbruk**
Per Inge Egeland, Hjelmeland

**Prosjekt:**
**Øko - økning på Nord-Jæren**
Gette Eidesen

**Aksjon Jærvassdrag**
Arnstein Gilje, Stavanger

**Styringsgruppe for frivillege tiltak**
Arnstein Gilje, Stavanger

**Referansegruppe for vannregionen**
Olav Sande

**Fagforum for mat og drikke A/S**
Arnstein Gilje, Stavanger

**NCE- Culinology**
Arnstein Gilje, Stavanger

**Fagforumstyret Naturbruk – Rogaland**
Olav Sande

**Folkefjoset**
Arna Høyland, Nærbø

**Arbeidsgruppe for handlingsplan for Åkerrikse**
Marianne Osmundsen

**Referansegruppe for handlingsplan mot framande skadelege artar**
Lisa Breiland, Finnøy

**Styringsgruppe for tursti langs Figgjo-vassdraget**
Bjarne Brunes, Sandnes

**Rådgivande utval for Jærstrendene**
Arild Ånestad, Bore

**Fylkesbondelaget sin repr. ang. rovdyrsaker**
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

**Faste repr. i styret, representantskapet og utval i Norges Bondelag busett i Rogaland:**

**Styret i Norges Bondelag**
Arnstein Røyneberg, Sola – 2. varasrepr. til styre i NB

**Representantskapet**
Arnstein Gilje, Stavanger

**Grøntutvalet**
Ståle Runestad, Fogn

**Miljø- og kvalitetsutvalet**
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

**Kornutvalet**
Arnstein Gilje, Stavanger

**Utsendingane til Norges Bondelag sitt årsmøtet - 2011**
Ole Johan Vierdal, Vats
Gette Eidesen, Skåre
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Stein Pettersen, Bjerkreim
Ragnhild Dyngeland, Time
Terje Taule, Hellaland
Sonja Herikstad Skårland, Time
Arnstein Gilje, Stavanger
Ole Andreas Aarsland. Varhaug
Kristin Hesby, Randaberg
Olav Aasland, Time
Lisa Breiland, Finnøy

Margunn Nedrebø, Gjesdal møtte for NBK

## Æresmedlem i fylkeslaget
Einar K. Time, Stavanger
Bjarne A. Undheim, Time
Karl Brådli, Bjerkreim
Svein Helge Harbo, Nærbø

# Næringspolitiske saker

Uttale til jordbruksforhandlingane 2011 ..... 12
Tiltak i samband med jordbruksforhandlingane våren 2011 ..... 19
Revidering av husdyrgjødselforskriftene ..... 20
Vassdirektivet, uttale tilplanprogrammet ..... 21
Ny bransjestandard innan handtering av potetcystenematode ..... 22
Forslag på ny forskrift på kvoteordning mjølk ..... 23
Deltakelse i økologiprosjekt ..... 24
Åkerriksa ..... 25
Landbruksmeldinga ..... 25

# Uttalt til jordbruksforhandlingane 2011

Rogaland Bondelag fekk tilsendt ein del fråsegn frå lokallaga og andre organisasjonar innan landbruket. Med grunnlag i fråsegna, innspel under samrådingsmøtet og diskusjonar elles, drøfta Arbeidsutvalet innhaldet i uttalen på møtet 3. mars. På grunnlag av det vart eit utkast skrive og sendt ut til styret før styremøtet.

Fylkesstyret gjekk inn for følgjande uttale:

### Jordbruksforhandlingane 2011

Med grunnlag i heftet "Jordbruksoppgjøret 2011 – si din mening" med spørje- og prioriteringsskjema, har lokallaga gjennomført studieringar og medlemsmøte i forkant av utarbeidinga av uttalane sine. Fylkeslaget har fått inn uttale frå 25 av 43 lokallag. I tillegg har ein fått uttalar frå fylkeslaget sitt Grøntutval og frå 18 ulike organisasjonar og instansar. Alle innkomne uttalar er lagt fram for styret og sendt Norges Bondelag. I tillegg har styret hatt samrådingsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar i fylket.

### Generelt

Verdiskapinga i landbruket i fylket er om lag 6 milliardar kr. Sysselsettingsmessig har næringa omfattande ringverknad ut over dei ca 8000 personane som direkte har sitt arbeid innan landbruket. Tar ein med både dei som har sitt arbeid på gardane og dei som er sysselsette med grunnlag i landbruksproduksjonen i fylket, er landbruket den nest største næringa i fylket etter oljenæringa.

Størstedelen av veksten innan landbruket i fylket dei siste åra har foregått i Jær-regionen. Det er positivt med eit sterkt landbruksmiljø som viser vilje og interesse for å styrka sin posisjon. Denne delen har i dag ca 55 % av produksjonen i fylket. Sjølv om ein registrerer auke i produksjonen på Jæren, ser vi også her at urovekkjande mange bønder avviklar landbruksproduksjonen sin og går over i anna yrke. I andre delar av fylket er det jamt over reduksjon for landbruksnæringa. I kommunane Sokndal og Lund sør i fylket, er talet på søkjarar av produksjonstilskot næraste halvert dei siste 10 åra. Noko tilsvarande situasjon vil ein og finna i andre kommunar i Dalane og Nord-fylket. Får ein ikkje snu denne trenden snart, vil landbruksmiljøet fort forsvinne og bruk og produksjon vil verta lagt ned. I neste omgang får det fort konsekvensar for sysselsettinga, busetnaden og kulturlandskapet.

### Målsettinga om eit aktivt landbruk over heile landet må stå fast.

**Oppsummering av dei prioriterte tiltaka.**

- Økonomien i mjølkeproduksjon må betrast. Tiltaka må ha ein målretta distriktsprofil
- Støtteordningane til svineproduksjonen på Jæren vart i fjor redusert i forhold til andre landsdelar. Det kan ikkje vera rett og straffa ei næring som har tatt dei politiske signala frå styresmaktene med reduksjon i næringsinntekt. Denne skeivfordelinga må fjernast og dekkast inn i komande forhandlingsrunde.
- Auke i målprisen på korn må kompenserast for husdyrhaldarane .
- For korn må det innførast kvalitetskontroll ang. mykotoksininnhaldet. Høgt innhald må føra til trekk i kornprisen.
- Langsiktig ordning for investeringsstøtte.
- Frakttilskot bør utviklast vidar innan kraftfôr og grøntsektoren.
- RMP midlane bør aukast. Som husdyrfylke nr 1 kan utfordringane med vassdirektivet sine målsettingar verta omfattande. Landbruket tek ansvar, og sett i verk frivillige tiltak ut over krav i lovar og forskrift. Desse tiltaka må dekkast opp med RMP midlar.
- Driftstilskot på mjølk må vera lik i heile Sør-Noreg, skeivfordelinga som vart innført i siste forhandlingsrunde må dekkast opp.
- Rekruttering i landbruket er eit tema som må prioriterast i tida framover. Det er viktig å få unge dyktige bønder inn i næringa med sitt pågangsmot og lyst til vidare utvikling av garden. Ein må ha høg status med å vera matprodusent, god inntekt og innføring av kompetansebevis i landbruket vil hevja statusen og auke viljen til og verta bonde.

## 2. Pris

Målsettinga må vera å ta ut høgast mogleg pris i marknaden. For å klare det må ein ha eit effektivt importvern og god marknadsregulering/balanse gjennom heile året. Kostnadsnivået i landet er høgt samanlikna med andre land i Europa, difor er det avgjerande med eit effektivt tollvern. Tollvern for eigen landbruksproduksjon er akseptert og vert nytta av dei fleste land. Det som er ein utfordring for Noreg er regelverket i WTO, som regulerer blant anna ordninga innan tollvern på eigne produkt og gul, blå og grøn boks.

Ser ein på marknadssituasjonen kan det vera rom for auke i målprisane på dei fleste landbruksprodukta. Generell kostnadsauke i marknaden er på om lag 4%, og som bør vera eit grunnlag for ein målprisauke. For å dekkja gapet i inntekt mellom lønnsnivået i industrien og landbruket bør det dekkast inn med bruk av budsjettmidlar. Dette gapet i inntektsnivå kan ein ikkje dekkja inn frå marknaden aleine. Endelig vurdering av målpris må gjerast i samarbeid med markedsansvarlege organisasjonar og avtalepartane.



*Foto Bondevennen*

### Målprisar:

- Det vert foreslått ein auke på kr 1,50 i målpris på svinekjøt. Marknadssituasjonen innan svinekjøt reknar ein med kjem nærast i balanse i løpet av året.
- Innanfor sau/lammekjøt kan det vera mogleg å ta ut ein auke opp mot kr 3,- pr kg Dersom forbruket av lammekjøt held seg på dagens nivå, eller vert auka, kan det vera rom for målprisauke.
- Målprisen på mjølk bør løftast med om lag 10 øre pr liter. Ved innføring av % toll på mjølk utan smakstilsettingar kan prisen på drikkemjølk hevjast. Geitemjølk bør få ein tilsvarande hevjing i målpris som kumjølk.
- Målprisen på egg kan aukast med kr 2,50
- Det vil vera behov for import av storfekjøt i lang tid framover. Det er Nortura som har ansvaret for prisuttak i marknaden. Det må vera tett dialog mellom faglag og marknadsansvarlig for å sikre høgast mogleg uttak på pris i marknaden. Prisforholda mellom kjøtslaga ute i butikken bør ikkje forandre på forbrukarmønsteret i vesentleg grad.
- Grøntsektoren. Grøntutvalet tilrår ein generell auke i målprisen på 3% i gjennomsnitt, som er i takt med prisstigninga. Varer som best toler auke i målprisen må prioriterast.
- Vert målprisen på korn auka må det kompenserast med prisnedskriving, slik at ikkje prisen på kraftfôr stig utover det som kan dekkast inn av auke i pris i sluttmarknaden på kraftfôrbaserte produksjonar.

## 3. Budsjettoverføringar

**1. Prioritering av ulike type budsjettmidlar** (t.d. investeringstilskot, velferdsordningar, frakt, prisnedskrivingstilskot med meir)

I Rogaland vil ein prioritera følgjande verkemiddel:

1. Meir midlar til arealtilskot, husdyrtilskot, distriktstilskot, prisnedskriving og fraktutjamning.
2. Meir midlar til investering.
3. Meir midlar til velferdstiltak.

### Prisnedskriving på korn

Vi legg til grunn at husdyrprodusentane får kompensert kornprisauken med prisnedskrivingstilskot *, for den delen av kostnadsveksten på kraftfôr som ein ikkje kan ta ut i marknaden med auke på prisane i sluttmarknaden.

**Styremedlem Stein Pettersen hadde forslag om* å *nytta ordet budsjettmidlar. Ved avstemning fekk forslaget 1 stemme.*

### Investeringsmidlar

Det er nødvendig med store investeringar i rogalandslandbruket i åra framover. Mykje av bygningsmassen innan mjølkeproduksjon er frå tidlig syttitalet og treng oppdatering, eller verta erstatta av nytt bygg. Mjølkeproduksjon er i dag ein kapitalkrevjande driftsform, og den berande produksjonen i distrikta og som er avgjerande for jordbruksdrift i fleire bygder. Investeringstøtteordningane må verta innretta slik at mindre bruk får ta del i desse ordningane. Innan småfeproduksjon og ammeku / storfekjøt er det og behov for fornying av bygningsmaterialet. Regelverket må utformast på ein slik måte at også mindre bruk får investeringstilskot. Fylkeslaget meiner grovfôrbaserte produksjonar må prioriterast ved tildeling av investeringsmidlar.

Fordeling av investeringsmidlar til fylka: Faktiske produksjon må leggjast til grunn ved fastsetting av rama for investeringsmidlar til fylka.

### Fraktordningar

Fraktutjamning er eit viktig tiltak for utjamning av fraktkostnadane i landbruket. Dess midlane vert nytta målretta inn i distriktslandbruket som ein kostnadsreduserande faktor som alle

aktive brukarar får ta del i. Fraktutjamningsordningane bør utviklast vidare.

- I samband med forhandlingane i fjor vart fraktordninga på inntransport av slaktedyr endra og forsterka. Det grepet var heilt nødvendig for å utlikna dei sterkaste forskjellane på kostnadane ved inntransport, for å ha likare konkurransevilkår, mellom aktørane i marknaden. Det var ein god start på eit godt tiltak.
- Stadfraktutjamning på kraftfôr er eit anna område som kan utviklast vidare. Fraktkostnadane for FKRA varierer frå kr 110, - til kr 440,- / tonn frå fabrikk ut til bonden. Ein bør sjå nærare på praktisering og organisering av denne ordninga.
- Det er viktig å oppretthalda den distriktsvise produksjonen innan grøntsektoren. Difor bør det også for grøntsektoren innførast ei ordningar som dekker deler av fraktkostnadane og utjamnar den, då særleg innfrakt frå produsent til pakkeri/grossist. Ordninga må ha ein klar distriktsprofil. Det er urimeleg at produsentane sjølve må dekkja transportkostnadane ved busetnad og drift ute i distriktet. I år må det vera grøntnæringa sin tur å få innført fraktutjamning. Det må prioriterast i år slik at produsentane ikkje må ta heile fraktkostnadane.

### Innretting av verkemiddel

I Rogaland er det store forskjellar innan geografi, struktur, klima og kommunikasjon. For at vi skal ha eit landbruk i heila fylket er det nødvendig med god distrikts – og strukturprofil i tilskotsordningane. Dagens strukturprofil bør vidareførast.

- Det kan ikkje aksepterast at Jæren vart utskilt som ei eiga sone for tilskot innan svinehald og redusert driftstilskot for mjølk. Rogalandsjordbruket er samla i kravet om at denne nye sona vert teken ut i forhandlingane og tilskotshola vert dekka opp.

**Sitat frå eit lokallag:**

*Bøndene på Jæren har teke dei politiske signala, satsa og investert for framtida. Dette er bønder som vil vera bønder, og som hentar størstedelen av inntekta si frå jordbruket.* ***Dette kjennest som eit slag i ansiktet, og verkar som ei kollektiv avstraffing*** *på mange bønder som har teke dei politiske signala på alvor og investert.*



*Vårt fylke har om lag 30% av all innmarksbeit i landet. Store ressursar.*

- Satsen på kulturlandskapstilskotet bør hevjast. Denne ordninga gjeld alle bruka uansett tilskotsone.
- AK- tilskot grovfôr, grensa på 250 da bør ikkje endrast.
  AK- tilskotet bør gå til aktive brukarar. Målet må vera å få ei form på ordninga slik at det er aktive bønder som får AK-tilskot, dei som produserer og nyttar foret.
- For fleire år sidan vart omrekningsfaktoren for kulturbeite sett ned frå 0,7 til 0,6. Med utgangspunkt i ønskje om å oppretthalda eit vakkert kulturlandskap og for å byggja opp under satsinga for ulike beitetiltak, vil fylkeslaget be om at faktoren vert sett opp att til 0,7. Det vil styrkja både grovforproduksjonen og ei aktiv kulturlandskapspleie.
  Tilskot som oppfordre til å bruka beite/utmarksbeite bør styrkast
- For å nytta utmarka vert det lagt ned store utgifter til gjerdehald. Fleire lokallag meiner det er mykje areal som kunne vorte brukt med betre gjerdehald. Det bør vurderast tilskot til oppsett av gjerde, til dømes matrialkostnadane med påle og nett.
- Økonomien i kornproduksjonen må betrast.

### 4. Skatt/avgift og avskrivingar

- Avskrivingssatsane for landbruksbygg/næringsbygg bør hevjast. Bondelaget bør samarbeida med andre næringsorganisasjonar for å få gjennomslag for dette.
- Det må etablerast muligheit for fondsavsetting til framtidig investering. I skogbruket har ein ei slik ordning som kan utvidast til og å gjelda landbruket.
- Jordbruksfrådraget sine satsar bør ikkje endrast. I dag er jordbruksfrådraget knytt til føretak. Frådraget må knytast til person der begge ektefelle mottar jordbruksinntekt, eller det er to generasjonar som er aktive på garden.

### 5. Næringsutvikling og kapitaltilgang

**Næringsutvikling**

I Rogaland er Måltidets Hus etablert. Bygget er eit senter for FOU og innovasjon i landbruket for heile landet. Blant anna er Tine si FAO avdeling lokalisert her og vi har Gastronomisk institutt sine aktivitetar i dette huset. Måltidets Hus får kr 1mill. årleg i driftsstøtte gjennom jordbruksavtalen. Det vert anbefalt at dette tilskotet går vidare med same beløp.

Støtte til næringsutvikling på garden må vera knytt opp til ressursar som er på garden. Ordningar innan næringsutvikling i jordbruksavtalen bør i hovudsak rettast mot jordbruksdrift.

**Kapitaltilgang**

Med aukande kapitalslit i landbruket og behov for nye store investeringar i heile landbruket delvis og på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsvirkemiddel aukast vesentleg. Den totale rama til tradisjonelt landbruk i BU-ordninga må aukast kraftig og gjennom det må Rogaland få auka si ramme vesentleg for at ein skal koma opp mot det behovet vi har ut frå produksjonsomfanget i fylket.

I fylket er det ein klar distriktsprofil på løyving av tilskot og rentestøtte. 70% av midlane skal nyttast i distrikta og 30% av midlane i dei meir sentrale

områda i fylket (Jæren). Det er ingen signal frå lokallaga på at denne fordelingsprosenten bør endrast. Det er ein tydelig distriktsprofil i ordningane. Det vert ikkje gitt tilskot til kraftfôrkrevjande produksjonar i Rogaland.

Rogaland får i dag BU midlar på kr 35 mill. og til rentestøtteordninga kr 67.4 mill.

Satsane til Rogaland bør aukast - BU midlar til kr 50 mill og rentestøtte til kr 75 mill.

Maksimal støtte på kvart prosjekt bør vera på dagens nivå, 30% av investeringskalkyle.

Ordninga med rentestøtte må utbetalast over til dømes fem år, ikkje som i dag 10 – 15 år, utan at beløpet vert redusert. Det er dei første åra etter ei investering likviditeten er vanskelig.

Rogaland Bondelag støtter Norges Bondelag sin modell for gradert investeringstilskot med eit grunnbeløp, til dømes 45 % på første million og at vidare tilskot vert redusert etter investert beløp med ein maks rame på om lag kr 1.5 mill., noko som utgjer 30 % tilskot ved investering på kr 6 mill. Ei slik ordning må gjelda i fleire år fram i tid, minimum 10 år.

### Andre postar under LUF

**Potetål – framtidig forvaltning av PCN**

Det er påvist potetål på fleire bruk i Rogaland.

Styret støttar det arbeidet som sentralt er i gang med endring av regelverket for behandling og forvaltning av areal med potetål. Norsk Landbruksrådgiving Rogaland har teke seg av den faglege sida i denne saka for bonden. Styret støttar fullt opp om arbeidet om utforming av bransjestandard for bekjemping av PCN der det vert opna for produksjon av potet sjølv der potetålen er registrert og at næringa og bonden sjølv må ta eit eige ansvar.

Med grunnlag i dette vil Rogaland Bondelag be Grøntutvalet sentralt til å arbeida aktivt for å få ei løysing basert på EU sitt regelverk ang. potetål. Med eit slikt regelverk vil næringa og bonden kunna leva med det. Eit anna viktig ledd i dette arbeidet er og å sikra god tilgang på friske settepotet.

Prøvetaking for å påvisa/avkrefta mistanke om kva type potetål som er i jorda, er svært kostbar. Det finns ikkje resistente potetsortar for kvit potetål, og det er denne type potetål som er kostbar å påvisa. Kostnadane til prøvetaking kjem opp mot kr 1000,- pr da. Dette er ein kostnad som er alt for høg for den enkelte produsent. Sidan dette er offentlege pålagde prøvar må staten gå inn og dekke kostnadane med prøvetaking. Dersom ikkje det let seg gjera må fellesskapet via jordbruksavtalen ta kostnadane.

### 6. Miljø og økologisk landbruk

**Økologisk landbruk**

Rogaland Bondelag har forståelse for at det er eit marknad for økologisk produserte matvarer og at norsk landbruk skal dekka opp den etterspørselen, men regjeringa sitt politisk vedteke mål om kor stort forbruk ein skal ha av økologisk dyrka mat, er håplaust. Ekstra kostnadar pga vedteke produksjons- og forbruksmål av økologiske varer må politikarane sjølv ta ansvaret for og ikkje la det verta ei ekstra økonomisk belastning verken for landbruket generelt eller for omsetningsledda som ikkje får selt varene dei tek inn økologisk. Samvirke og andre omsetningsledd må ikkje verta pålagde å bera desse ekstra kostnadane og tapa i konkurranse med andre.

Ved omlegging til økologisk produksjon må ein større del av tilskota via jordbruksavtalen tildelast ut frå levert mengde vare og ikkje berre ut frå areal. Meirkostnadane ved økologisk drift vert i dag kompensert med tilskot og auka pris i marknaden. Styret er skeptisk til å auke tilskotssatsane meir i forhold til konvensjonell drift. Ein større del av inntekta bør kunna tas ut av marknaden.

### Miljø

**RMP- og SMIL-ordninga**

Med grunnlag i utfordringa næringa i fylket har ang. forureining og klimaretta tiltak har ein her i fylket alt i fleire år arbeidd aktivt for å gjennomføra ekstra tiltak for å møta desse utfordringane og redusera forureininga. Gjennom arbeidet til Aksjon Jærvassdrag, nå Vannområde Jæren, har ein oppnådd vesentlege forbetringar alt, men det er klart behov for ennå sterkare satsing. Nå omfatte vassdirektivet alle vassdrag, og i enkelte vassdrag vil jordbruket møta store utfordringar som bør løysast med frivillege tiltak. Gjennom fleire år er det via RMP-ordninga vorte øyremerka heller store beløp til andre avgrensa område med særlege utfordringar. Etter styret si vurdering bør det i år vera Rogaland sin tur til å få ekstra midlar og ein vil sterkt tilrå at det vert avsett 10 mill kr gjennom RMP-ordninga øyremerka tiltak i Rogaland.

I praksis ser ein at SMIL-midlane vert nytta til ulike tiltak og ofte utanom ordninga sine eigentlege oppgåver. Ut frå det ser styret det som rett at regelverket for bruken av ordninga vert innstrama og at det vert ytterleg presisert at avtalepartane – dvs lokallaga til Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaga - vert tekne med på råd ved fastsettinga av bruken av midlane i dei einskilde kommunane. Vi ser det som rett at bruken av midlar skal kunna tilpassast lokale forhold og behov, men når bruken er så ulik som ein ser vert det uheldig og grunnlag for murring innan næringa. Ein del SMIL-midlar vert nytta til restaurering av eldre verneverdige bygg



*Foto Bondevennen*

knytta til næringa. Det er ok, men også midlar frå andre budsjettpostar bør kunna nyttast til slike ting. Ramma til SMIL-ordninga bør ikkje aukast.

Det må innførast grøftetilskot. Behovet for grøfting er stort i dei fleste områda av landet. Ein stor del av arealet er leigejord, og desse områda vert ikkje prioritert innan vedlikehald av - og nye grøfter. Effekten av god drenering er mindre avrenning, mindre jordpakking, høgare avling og betra klimaeffekt.

I samband med arbeidet med reinare vassdrag er det innført forbod mot haustpløying i fleire områder. Det er større fare for utbrot av mykotoksiner i kornproduksjon på enkelte av desse område. Forbod mot haustpløying i område med kornproduksjon der det er fare for mykotoksiner, må revurderast.

Ved innføring av restriksjonar må det faglege grunnlaget og konsekvensane vurderast nærare.

Vekstskifte i kornproduksjonen i utsette området for mykotoksiner bør stimulerast med dyrking av andre proteinrike plantevekster, som til dømes erter og lusern.

Landbruket må verta ein stor energileverandør innan fornybar energi med blant anna husdyrgjødsel og trevirke som råstoff. Det må utviklast kompetanse i Norge innan prosjektering, bygging av anlegg, drift og vedlikehald.

Tilrettelegging / infrastruktur for bruk av bioenergi må vera eit samfunnsansvar

## 7. Velferdsordningane

I uttalane frå lokallaga er det ordninga for ferie og fritid og sjukdom og svangerskap som vert halde fram som viktigast.

- Utgiftene med ferie og fritid er ei kostbar ordning for bonden. Satsane bør halda tritt med den generelle lønnsveksten i samfunnet.
- Avløysing under sjukdom og svangerskap bør styrkjast. Det er viktig at brukaren har eit sikkerhetsnett omkring seg dersom ulukka skulle inntreffa, og at dei økonomiske ramevilkåra for hjelp er til stades.
- Deltidsbonden vert hardt ramma dersom han/ho vert råka av sjukdom, regelverket i sjukelønsordinga må endrast. Ein kan i dag ikkje få både avløysartilskot og sjukepengar.
- Det må innførast ei ekstra dokumentert utbetaling i februar, med søknadsfrist i august.
- For nye brukarar må det innførast ei ekstra utbetaling for og dekka opp utgiftene.
- Tidlegpensjonsordninga må vidareførast og satsane må følgja den generelle inntektsutviklinga i samfunnet.
- Partane i jordbruksforhandlingane må avklare praktiseringa av tidlegpensjonsordninga der begge ektefelle har hatt si inntekt frå garden og aldersforskjellen mellom dei er til dømes 10 år. Den yngste ektefellen har ikkje rett på førtidspensjon sjølv om den eldste går av med pensjon når han er 67 år. Ein bør til dømes sjå på oppteningstid av jordbruksinntekt i slike situasjonar. Slik som ordninga er i dag er det nokre som kjem spesielt dårleg ut i samband med generasjonsskifte på garden.

## 8. Korn- og kraftfôr

**Kornøkonomien**

Betre økonomi til kornprodusentane bør skje via ved at det vert innført eit grunntilskot for korn basert på levert vare. For og auka arealproduktiviteten innan kornproduksjonen bør ein ikkje auka satsane på arealtilskotet. Det er heilt nødvendig å få på plass kvalitetsbetaling på korn, blant anna på bakgrunn av mykotoksininnhald. Dette må ikkje føra til høgare kraftfôrpris til husdyrbonden. Det bør vera prisreduksjon for dårleg kvalitet slik som det vert praktisert i andre produksjonar.

**Marknadsordninga**

Markedsordninga er viktig og ansvaret for ordninga må også framover tileggjast landbruket gjennom Norske Felleskjøp. Avtalepartane har dog eit overordna ansvar for at regelverket knytt til marknadsordninga er tilfredstillande.

Av ulike grunnar har heile ordninga kome skeivt ut og det bør vurderast nøye om ein bør gå gjennom ordninga på nytt slik at ein får ei fullgod ordning som også fungerer dersom verdsmarkedsprisen på korn skulle koma over norsk kornpris. Det må vera viktig at norsk produsert korn vert brukt opp i løpet av sesongen.

**Prisnedskrivinga**

Rogaland Bondelag ser på denne ordinga som svært viktig og må nyttast i det omfanget ein kan ut frå den totale økonomiske ramma ein rår over under forhandlingane.

Norsk korn utgjer i gjennomsnitt 50 - 60 % i kraftfôret. I tillegg til norsk korn vert det nytta importert korn, norsk og importert proteinråvarer, fett og ulike tilsettingsstoff, mykje for å få den kvaliteten ein krev på for. Prisen på dette er uavhengig av jordbruksavtalen, men styrt av verdsmarkedet og avgifter. Ut frå dette vert det galt nå kraftfôrprisen under forhandlingane berre vert justert etter same øre-endring som kornprisen pluss/minis endring av prisnedskrivinga. Den reelle auken i kraftfôrprisen må leggjast inn i kalkylane der ein finn kor mykje som må til for å kompensera ein auke i kraftfôrprisen.

**Kvalitetsprising av norsk korn**

Generelt må forbrukarane av kornet – husdyrhaldarane og kraftfôrindustrien - i større grad enn i dag definera kvalitetskrava for norsk korn. Då både med omsyn til proteininnhaldet, men ikkje minst også innhaldet av mykotoksiner. Dette har vore sterkt i fokus dei siste par åra og det bør setjast klare kvalitetskriterie der prisinga av kornet etter kvalitet vert nytta. Kornlaster med for stort soppinnhald må forkastast som for og prisast lågt og nyttast til andre ting – t.d energiproduksjon. Slikt korn må fjernast på den enklaste og billegaste måten. Alle innan varekjeden for korn må gå saman her og ta eit felles ansvar slik at ein lukkast i å innføra ei ny kvalitetsvurdering for korn alt frå hausten av.

I Stavanger er det lagra 55 tusen tonn korn av svært dårleg kvalitet. Dette kornet må det finnast ei løysing på korleis ein kan nytta. Skal det blandast inn i kraftfôr må det tilførast korn av svært god kvalitet frå andre delar av landet, eller ved import. Eit anna alternativ er å nytta kornet til energiproduksjon.

Norge har ikkje beredskapslager for fôrkorn. I ei tid med uroleg verdsmarknad , prisane på korn er ustabile, fleire land som eksportere korn har innført avgrensingar på grunn av tørke og brann. Det bør innførast eit beredskapslager med fôrkorn i Norge.

## 9. Mjølk (ku og geit)

**Generelt**

Rogaland Bondelag går inn for at ein både for ku- og geitemjølk fortsatt bør ha ei kvoteordning.

Kvoteordninga:

- Det må vera ein total gjennomgang med konsekvensvurderingar av kvoteordninga for mjølk som har sin bassis frå 1983.

- Det grunnleggjande i ei kvoteordning for mjølk må vera at det skal produserast mjølk i heile landet.

For Rogaland sin del ser vi at det i fleire år har føregått ei klar flytting av kvotar frå distrikta i fylket inn mot Jæren. Dette har rett nok minka noko dei siste par åra, men er ennå klar og det har tappa mjølkeproduksjonen kraftig i distriktskommunane.

Ein av grunnane til kvotesal i distrikta er den store strukturrasjonaliseringa som har vore innan mjølkeproduksjon. Dei naturgitte forholda kan vera utfordrande, det vert lang transport av grovfôr og areala er ikkje tilpassa den maskinparken som er i dag. Lett tilgang til anna yrke kan og vera avgjerande.

Det må setjast inn meir målretta tiltak for å behalda mjølkekvotane i distrikta. Eksisterande støtteordningar kan utviklast vidare, innan investeringsordningar og dagens ordning for distriktstilskot. Det er økonomien i mjølkeproduksjonen og annan produksjon på garden som er avgjerande om det skal vera mjølkeproduksjon på bruket.

**Økonomi**

Økonomien i norsk mjølkeproduksjon må betrast.

Det vart skapt store forventingar når det vart innført % toll på ikkje smakstilsett drikkemjølk og fløte. Denne omlegginga var heilt nødvendig for å unngå import av drikkemjølk og fløte.

Utfordringa nå er import av ost og smaktilsette produkt som til dømes yoghurt.

Satsane på distriktstilskot for mjølk bør aukast med eit likt tillegg pr liter på 5 øre i sone A, og 10 øre i sone B - J.

Jæren sin reduserte auke i driftstilskot på mjølk må kompenserast heilt ut, slik at den vert lik satsen for heile Sør-Norge.

Mjølkeproduksjon må få ei særskilt behandling i ein ny investeringspakke.

**Geitemjølk**

Det må verta stor fokus på mjølkekvaliteten og at mjølka kan nyttast til omsettelege og salbare produkt. Fyrst då sikrar ein geita som landskapspleiar og utnyttar utmarksresursane.

Ved kjøp og sal av kvotar for geitemjølk bør partane sjå på soneinndelinga på nytt slik at ein sikrar anlegg som behandlar geitemjølk, får nok råstoff og kan oppretthalda eit fagmiljø. Dersom det oppstår ubalanse i markedet bør staten halda att sal av kvote.



*Foto Bondevennen.*

## 10. Kjøt og egg

**Sau / lam**

Økonomien innan sau og lam bør vidareførast ut frå dagens nivå. Målpris sjå pkt 2.

Rogaland Bondelag er positiv til den auka vektlegginga ein har hatt innan tilskotsordningane for dyr på beite. Desse ordningane bør styrkast ut frå ønskje om å oppretthalde eit velpleidd kulturlandskap.

Sau og lam er viktige kulturlandskapspleiarar i utmark og fjell. Ein auke i satsane på kr 25,- for sau på utmarksbeite og fjell er nødvendig, utgiftene til organisering og drift av fjellbeite har gått kraftig opp dei siste åra.

Kvalitetstillegget på lam i kvalitet O og betre må utbelast sjølv om taket på husdyrtilskot er nådd. Vert det levert lam med god kvalitet må brukaren få ta del i det uansett tal på dyr det er på bruket.

Dagens produksjonstilskot for sau over eit år må endrast slik at normalt påsett av lam vert teke med. Det vil fremja utskifting av avlsdyr og dermed avlsframgangen i besetningen. Det kan gjerast ved at ein opnar for t.d. 30 % påsett ut over talet på sau over eit år, får tilskot.

**Egg**

Det vert påpeikt frå fjørfenæringa at kvaliteten på norsk korn kan vera utfordrande.

Produksjonstilskotet som vart redusert i sist jordbruksforhandlingar med kr 2, pr dyr må løftast opp igjen.

**Gris**

Felles for svineproduksjon og fjørfe er at fôrutgiftene er det som er avgjerande for lønnsomheta. Prisnedskriving på korn er omstritt, og dersom det ikkje vert løyvd meir inn i ordninga, bør ein sjå på ei form for grunnstilskot som kompensere for auke i korn / kraftfôrprisen.

Det bør ikkje foretas endringar i dagens konsesjonsgrenser for gris.

Den nye sona innan svineproduksjon på Jæren må fjernast, og avkortingane i tilskot må rettast opp.

**Storfe/ammeku**

Det har i lang tid vore underskot av norsk storfekjøt på marknaden. Det bør stimulerast til ein auke i produksjonen av norsk storfekjøt. Det er og behov for storfe i pleie av kulturlandskapen.

Nortura som administrer prisløypa for storfekjøt må oppmodast til å heile tida utnytte marknadssituasjonen for kjøt. Styret i Rogaland Bondelag tek det for gitt at det er ein god dialog mellom Nortura og Norges Bondelag.

Avstanden mellom sone 1 og sone 2 er på kr 4.55 pr kg slakt. For og styrka slakteproduksjonen i sone 1bør det innførast ein sats på kr 2.50 pr kg slakt i denne sona. Dei andre distriktssonene bør få ein auke på om lag 50 øre pr kg slakt.

**Pelsdyr**

Pelsdyrnæringa er i hovudsak ei distriktsnæring i kombinasjon med andre produksjonar på garden, samanlikna med internasjonal pelsdyrproduksjon er besetningane hjå oss små. Nærast alle pelsdyrskinn vert selde på verdmarknaden, kostnadsnivået i norsk pelsdyrnæring må haldast på same nivå som næringa i andre land har. For å oppretthalda distriktsstrukturen som er i næringa er det viktig med stabile ramevilkår med frakttilskot til råvarer og for.

## 11. Grønsaker, frukt og grønt

Styret viser til Grøntutvalet sin uttale og støttar opp om den. Styret vil trekkja fram nokre viktige saker grøntnæringa har fokusert på i fleire år:

**Tilskot til forsøksringane og forsking**

Forsking og rettleiing er viktig for ein sterk fagleg krevjande produksjon med små marginar. Skal produksjonen lukkast er det viktig at det er fagleg dyktige rettleiarar i nærmiljøet som kan følgja opp overfor kvar einskild produsent. Fleire forsøksringar slit med økonomien og må bruka ein for stor del av tida si til å skaffa seg økonomisk grunnlag utanom å driva rettleiing. Ramma til forsøksringane bør difor aukast vesentleg og då særleg til fagringar knytta opp mot forsøk og rettleiing innan spesialproduksjonar der det er få produsentar spreidd over store deler av landet. Døme her er forsøksringen for veksthus og for pyntegrønt. Grunntilskotet til desse ringane må særleg styrkast.

**Plantevernsituasjonen**

Plantevern er ei stor utfordring i grønsakdyrkinga. Forsøksringane har saman med Bioforsk, hatt forsøk og utprøvingar i mange år for **å** finna alternative løysingar, utan å lukkast. Det er også lite nye ugrasmiddel **å** prøva. Sjølv om eit nytt middel har god effekt, er det ikkje alltid midla vert godkjent av Mattilsynet. Eit nordisk samarbeid i denne saka bør vera sentralt. Ein vil og sterkt rå til at Norges Bondelag har nær kontakt med Norsk Landbruksrådgiving og andre fagmiljø som arbeider med desse problema.

Frustrasjonen er stor når middel vert utfasa før det kjem inn erstattande middel eller alternative tiltak. Ein føler også at det manglar ein "heilheitleg" oversikt. Kålrot er eit godt døme på det. Det har vore arbeidd i mange år med **å** finna alternative metodar til å bekjempa kålfluga. Der har ein enda opp med **å** nytta eit insektsnett. Dette fungerte godt, men så vart det einaste ugrasmiddelet ein kunne nytta, fjerna. Skal dyrkarane ha kontroll på ugraset, må dei ofte fjerna nettet for **å** radreinsa, men då kjem kålfluga og inn.

Avgjerande saker for grøntnæringa i heila landet:

- Eit fortsatt sterkt tollvern med arbeid for overgang til %-toll for dei fleste produksjonane innan sektoren.
- Innføra fraktordningar og for grøntsektoren og då særleg innfrakt
- Distrikts- og kvalitetstillegget bør hevjast og særleg for produksjonar der ein ikkje kan auka målprisen noko - særleg for tomat.

## 12. Andre saker

**Energi**

Det er fleire produksjonar i landbruket som har bruk for ekstra energi til blant anna oppvarming. Det gjeld i hovudsak veksthus og kyllingproduksjon. Energiprisane er nå høge, og avgiftsnivået på gass gjer at desse produkta får ein vanskelegare situasjon i marknaden.

For veksthus, som har avgrensa tollvern, betyr dette mykje for konkurransen med utanlandske produkt, i tida på året det ikkje er tollvern på norske produkt.

Norges Bondelag bør arbeida for avgiftsfritak på bruk av gass til oppvarming i veksthus og fjørfeproduksjon.

**Juletreproduksjon**

er ei veksande næring, som er med og styrkje driftsgrunnlaget på fleire bruk i distrikta. Ein del av juletreproduksjonen går til eksport. Juletreproduksjon krev kompetanse og mykje tilsyn og stell for og få den rette form på trea, alt etter kva marknad trea skal seljast i. Juletreproduksjon er ikkje skogbruk i tradisjonell betyding.

Styret ber Norges Bondelag om at denne produksjonen skal inn i jordbruksforhandlingane sine område og tiltak.

**Rekruttering**

Landbruket sliter med rekrutteringa til næringen.

Hovudgrunnar til denne situasjonen er stort arbeidspress og lita inntening. Betre generelle økonomiske rammevilkår og gode avløysarordninga er viktige. Nye brukarar må få ein startspakke slik at dei ikkje treng gå opptil eit år og meir, før dei får støtte over jordbruksavtalen.

Skal unge interesserte personar få plass i landbruket bør ein vera med og leggja til rette for at seniorane kan gå ut i anna yrke.

Det må vera sjølvsagt at dei unge kan overta eit driftsapparat som fungerer.

**Kompetanse**

Dagens landbruk krev god kompetanse innan fleire område. Marginane innanfor både planteproduksjon og husdyrhald vert redusert, og strukturrasjonaliseringa gjer at driftsomfanget nærast vert større for kvart år. Dette krev god kompetanse innan leiing, økonomi agronomi, husdyrproduksjon osv. Det er krevjande å produsera mat med god kvalitet. Styret ber Norges Bondelag arbeida for innføring av kompetansebevis for landbruket. Saman med betre inntektsmuligheter vil det vera med på å hevja statusen som matprodusent, og på sikt betra rekrutteringa til landbruket.

**Pilotordninga**

med tilskot til miljøvenlig spreiing av husdyrgjødsel har blant anna vore innført i deler i fylket, på areal som er egna for nedlegging/nedfelling av husdyrgjødsel. Det er svært positive erfaringar med dette tiltaket, mange brukarar har investert i nytt spreieutstyr for nedlegging av husdyrgjødsel. Skal ordninga gjerast om til ein permanent nasjonal ordning, bør ho ligga inne i RMP ordninga. Miljømessig vil ei ordning med mulighet for regional tilpassing vera å føretrekka. Tilskotsatsane må vera på dagens nivå.

***Merknad:***

*I tilknyting til diskusjonen i styret ang. spørsmålet om bruk av midlar til prisnedskriving av norsk korn til kraftfôr, vil styremedlem **Stein Pettersen, Bjerkreim** ha med følgjande oppsett i uttalen for å illustrere utslaget ved bruk av prisnedskriving:*

*"Prisnedskriving på korn bør vera uendra. Prisnedskrivinga er svært effektiv for å senka matprisen! - Men den gir og ein svært ulik effekt både på prisen til forbrukaren for dei ulike kjøttslaga, men og på inntekta til bonden.*

***10 øre endra kraftfôrpris gir følgjande effekt i inntekta til produsenten:***

- *Kyllingproduksjon – konsesj.*<br>*330 tonn kraftfôr – 0,5 årsverk*<br>*66.000 kr pr årsverk*
- *Stor kylling – konsesj.*<br>*486 tonn kraftfôr – 0,5 årsverk*<br>*97.000 kr pr årsverk*
- *200 sau – 20 tonn kraftfôr*<br>*1 årsverk – 2.000 kr pr årsverk*
- *Sau og mjølk – 60 tonn kraftfôr*<br>*2 årsverk – 3.000 kr pr årsverk*
- *Mjølk med minimalt påsett*<br>*kvote 400.000 l – 105 tonn kraftfôr*<br>*1,5 årsverk – 7.000 kr pr årsverk*

# Tiltak i samband med jordbruksforhandlingane våren 2011

Arbeidet i førekant av jordbruksforhandlingane stod sentralt for heile organisasjonen gjennom heile våren. Det er viktig for organisasjonen å halda trykket oppe slik at medlemmane og heile organisasjonen hadde tru på forhandlingane. Det var viktig å engasjera lokallaga med å koma med innspel til jordbruksforhandlingane slik at fylkeslaget hadde ryggdekning for ein offensiv uttale til Norges Bondelag. Heile organisasjonen si hovudoppgåve var å byggja opp forståing for at landbruket treng eit økonomisk løft, for å sikra inntekt og rekruttering i landbruket.

**Landsomfattande aksjon**

Det var eit stort engasjement i ”Bodstikke aksjonen” som gjekk gjennom dei fleste kommunane i Rogaland.

**Tiltak ved eventuelt brot**

Som vanleg la organisasjonen opp detaljerte planar for tiltak som skulle gjennomførast dersom forhandlingane braut saman. Om det vert brot er det ikkje rom for snille markeringar, det er viktig å setja foten ned og skikkeleg markera kva ein meiner. I dette opplegget var det lagt opp til eit tretrinns opplegg

- Lokallaga skulle gjennomføra lokale markeringar, snarast mogleg etter brot var faktum.
- Deretter skulle fylkeslaget gjennomføra eit omfattande opplegg. Hovudhensikta er å visa sinne, frustrasjon og skaffa næringa ein talarstol for å få bodskapen ut til både stortingspolitikarar, regjeringspartia og fok flest der ein fekk sei ifrå kva ein meinte om staten sitt tilbod om manglande vilje til å satsa på å gi bøndene eit inntektsløft.
- Siste trinn var å gjennomføra eit opplegg i Oslo med markering framføre regjeringsbygget.

Detaljerte planar vart sendt lokallaga klar for gjennomføring dersom brot vart eit faktum.

**Oppsummering av jordbruksavtalen 2011**

Staten og Norges Bondelag vart einig om ny jordbrukeavtale . NBS valde å trekkja seg ut av forhandlingane før partane gjekk inn i dei reelle sluttforhandlingane 16. mai.

Samla ramme vart på pluss 1.420 millionar kroner og forhandlingsvinsten er på 420 mill kr – det utgjer ca 10.000 kr meir pr årsverk jamført med staten sitt tilbod. Samla innteksmulighet med ny avtale vert ca 25.000 kr pr årsverk. Dette er ein auke som gir landbruket ei kronemessig lik inntekt med andre grupper.

I tillegg til dei 25.000 kr pr årsverk, er det ved flytting av midlar internt i avtalesystemet – ca 100 mill kr – ført til ein inntektseffekt til bonden på 2.000 kr pr årsverk som igjen kan reknast som ei mindre tetting av det såkalla inntektsgapet.

Gjennom avtalen er landbruket/bøndene vorte friteken for å betala matproduksjonsavgifta på til saman 280 mill kr til staten. Denne avgifta som har vorte betalt inn av foredlingsindustrien/mottakarar av varene, for delvis dekning av arbeidet til Mattilsynet, skal nå frå 1/1 2012 betalast direkte av Staten. Denne fjerninga fører til at ein enkelt kan auka målprisen på varene tilsvarande utan at det vil føra til auke prisen i markedet.

I avtalen er det lagt inn ein auke i kraftfôrprisen på 7 øre, prisnedskriving av korn til norsk kraftfôr vert auke med 3 øre?

Ei eiga arbeidsgruppe skal oppnemnast for å vurdera frakttilskotsordninga for korn og det er avsett 5 mill kr i første omgang for justeringar.

I denne omgangen vart det ikkje noko gjennomslag for å etablera ei innfraktordning på grønsaker og frukt, men det vil verta følgd opp seinare.

I kravet hadde ein og opplegg for å endra tollsystemet for ost og andre melkeprodukt – frå kronetoll til %-toll - slik vi fekk for drikkemelk i fjor. Det ville staten ikkje gå inn på.

**Reaksjonar på avtalen**

Etter staten hadde lagt fram sitt tilbod var det fleire som meinte at ein burde brote av di tilbodet ikkje var eit reelt utgangspunkt for forhandlingar. Fylkesleiaren



og hans kollega i dei andre fylka tilrådde under tvil at Norges Bondelag sette seg ved forhandlingsbordet. Det var stor frustrasjon under forhandlingane blant våre medlemmar, det vart ikkje kalla forhandlingar, men sonderingar og avklaringar nærast heilt fram til avtale vart inngått. Det vart inngått avtale 16. mai.

Fleire av våre medlemmar reagerte negativt på avtalen. Det vart hevda at avstanden mellom krav og inngått avtale var alt for stor. Forhandlingsutvalet i Norges Bondelag hevda at dette var det lengste ein kunne koma innanfor dei politiske signala som vart gitt i forhandlingsprosessen.

Blant medlemmane i Rogaland Bondelag var det usemje om ein burde brote, eller inngått avtale. Det var eit stort behov for informasjon om avtaleresultatet.

Den reaksjonen som vart mest kjent var då styret i Sandnes Bondelag la ned sine verv i lokallaget i protest mot at det vart inngått avtale.

# Revidering av husdyrgjødselforskriftene

Arbeidet med å revidera forskriftene som omhandle lagring og spreiing av husdyrgjødsel har vore tema i lang tid nå. Tidsskjema for eit høyringsforslag er vorte utsett fleire gonger. Planen nå at det vil liggja føre eit forslag før sommaren 2012.

Rogaland er det fylket som klart har størst husdyrtetthet. Målt i GDE pr dekar (korrigert for beitefrådrag og spreieareal på innmarksbeite) har Rogaland 0,19 GDE/dekar, nær dobbelt så høgt som Nord-Trøndelag med 0.10 GDE/dekar. Det viser kor viktig saka er for rogalandsbonden.

Fylkesmannen i Rogaland engasjerte Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking, NILF, for å få fram moglege konsekvensar på innstraming i lagring og bruk av husdyrgjødsel.

Ein skal ikkje dramatisera saka for mykje, men for landbruket i fylket er dette likevel alvorleg lesnad.

Ved ein revisjon av forskriftene vil ein få krav om endringar på fleire område. Nokre av dei viktigaste vil truleg vera:

- Auka krav til lagerkapasitet av gjødsel – frå i dag 8 månadar til 10 evt 12? Dette er kalkulert til ein kostnad på 64 til 106 mill kr pr månad auka krav om gjødsellager.
- Endring i lovleg spreietidspunkt/-periode. I dag er frist for spreiing utan nedmolding 1. september, og er lik for heile landet.
- Krav om gjødsling etter fosforinnhaldet i jorda. I dag er grensa 3,5 kg fosfor pr da med husdyrgjødsel. Ingen grense for spreiing av mineralgjødsel.
- Heile 29% av beitearealet er i Rogaland. Det er viktig at beiteareal som er godkjent som spreieareal har denne statusen, og at det ikkje vert lagt restriksjonar på spreieteknikk m.m som gjer det vanskeleg og nytta areala til spreiing av husdyrgjødsel.
- Endring i berekningsgrunnlaget for gjødseldyreiningar - kor mange dyr det er på ein GDE.

For å øke kunnskap om landbruk som næring og landbrukspolitikk spesielt, gir Rogaland Bondelag i samarbeid med Bondevennen medlemmene i Regional – og kulturutvalget i fylket gratis abonnement på fagbladet Bondevennen. Rogaland fylkeskommune har fått mer ansvar innen landbruk som næringsgren og er regional aktør innen landbrukspolitikk, klima, miljø osv. I dette arbeidet kan Bondevennen være med å gi god informasjon om næringa og øke kunnskap om utfordringene i næringa. Det er Regional og kulturutvalget som innstiller/ avgjør saker innen landbruket som fordeling av midler knyttet til likestilling og rekruttering, uttale til jordbruksoppgjøret og oppfølging av Regionalplan landbruk. Utvalget er også i gang med samordning av regionalplanene for næringsliv, klima og landbruk, samt behandling av saker knyttet til vassdirektivet, biogass og fordeling av RUP- midler. Det er derfor viktig med en bred kunnskap om landbruket i fylket.




# Verdiskapning i landbruket

Rogaland Bondelag deltar i prosjektet: Landbrukets verdiskapning i Rogaland. Prosjektet ønsker å gi en dokumentasjon av landbrukets verdiskapning i Rogaland ved å vise utviklingstrekk for jordbruket i Rogaland det siste tiåret, kartlegge verdiskapning, omsetning og sysselsetning innen jordbrukets hovedproduksjoner på kommune – og fylkesnivå. Videre ønsker prosjektet å vise skatteinngangen fra bønder på fylkesnivå og synliggjøre sysselsetningseffekten av primærjordbruket. Denne dokumentasjonen skal også kartlegge den økonomiske verdiskapningen og sysselsetningseffekten i primærskogbruk og tilleggsnæringer i Rogaland.

Arbeidet skal gjennomføres av Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) i perioden desember 2011- april 2012. Fylkeslaget sammen med fylkesmannen søker om midler til prosjektet hos fylkeskommunen - Regionalt utviklingsprogram (RUP) for gjennomføring av prosjektet. Det er satt som mål at ferdig rapport blir lagt frem i april/mai 2012.

# Prosjekt folkefjøset

"Folkefjøset på Jæren" er eit 3 årig prosjekt som no er avslutta

Arna Høyland har deltatt i prosjektgruppa frå Rogaland Bondelag.

**Folkefjøset på Jæren – eit alternativt tilbod**

Formålet med prosjektet er å motivera til fornying og modernisering av bygningar for mjølkeproduksjon, med særleg fokus på kostnadsida. Folkefjøset på Jæren – eit alternativt tilbod

For mange som frå før har godt båsfjøs med gode opplegg for handtering av grovfor og gjødsel, kan det vere mykje å spare på å ta eksisterande bygningsmasse med i byggeplanane. Dessutan unngår ein spørsmålet kva eksisterande fjøs skal nyttast til. Desse er ofte for godt til å rivast.

I prosjektet kan det også vere interessant å ha med heilt nye bygg, men med spesielt rimelege planløysingar og materialval.



*Ragnhild og Jan Inge Osland på Bue i Bjerkreim. Foto Bondevennen*

Det er utgitt eit hefte, bygd på sluttrapporten frå prosjektet med blant anna omtale av dei 7 pilotprosjekta som har vore i prosjektet.

# Ny vegnorm for vegnettet

Dei åtte kommunane på Jæren pluss Forsand har i samarbeid utarbeida eit forslag til vegnorm på kommunale vegar. Forslag til vegnorm byggjer for det meste på Statens Vegvesen sine handbøker for dei aktuelle fagområda.

Innhaldet i Ny vegnorm består av fem kapittel:

Norm for veg og gateutforming
Norm for vegbygging
Veiledar for drift og vedlikehald
Veiledar veg og gatebelysning
Vedlegg (Definisjonar, skjema, tittelfelt, kommunale tillegg osv )

I høyringsuttalen la styret vekt på følgjande punkt:

**Vedlikehald av grøntareal langs veg og sykkelsti:**

Dei aller fleste kommunane nyttar stort sett bare mekanisk ugrasbekjemping på dei grøne areala i tilknyting til veg og sykkelstiar. Skal ugrasbekjemping vera effektiv må areala haldast vedlike med luking og klypping fleire gonger i vekstsesongen. I fleire høve ser ein at dette kunne vorte gjort tidlegare i voksteren til eksempelvis høymola. Mål om å stoppa ugrasspeiing frå offentlege areal må inn i Vegnormen.

**Gang – og sykkelstiar:**

I samband med planlegging av gang- og sykkelstiar bør ein ta omsyn til jordvern. Slik som bredda på buffersona mellom veg og gang- sykkelsti, store skråningar/fyllingar som ikkje kan nyttast i jordbruksdrift. Omdisponering av jordbruksjord må vert minst mogleg. Det er viktig at jordvern/redusert forbruk av matjord vart lagt som premiss tidleg i planlegginga av eit tiltak. Omsynet til jordvern må inn i Vegnormen.

**Gjerdehald:**

Det er eigaren av vegen som til vanleg har ansvar for oppsett og vedlikehald av gjerde. I praksis kjøper eigaren av vegen seg fri frå den oppgåva. Det som i dei fleste høve er vanleg er at grunneigaren får eit eingongsbeløp for oppsett av gjerde, og at det ikkje er lagt inn kostnader med vedlikehald av gjerdet. Ved etablering av gjerde langs trafikkert veg er slitasjen monaleg større enn om gjerdet var i utmaka. Ved planlegging av gjerde må det takast omsyn til etablerte jordbruksavkjørslar, møteplassar osv. Kommunane sitt ansvar når det gjeld oppsett og vedlikehald av gjerde langs kommunal veg, må inn i Vegnormen.



# Landbrukets HMS- tjeneste

Landbrukets HMS- tjeneste er eid av Norges Bondelag og Norsk Bonde – og småbrukarlag, og driver med helse, miljø og sikkerhetstjenester rettet mot landbruket. Alle som har sitt arbeid i landbruket kan være medlem av LHMS. I Rogaland er det fire ansatte rådgivere, samt at LHMS tjeneste har knytta til seg bedriftshelsetjenesten. Det har tidligere vært tre regionsgrupper i fylket. Disse har nå blitt avviklet og vil legges inn i fylkesgruppa. Styret i Rogaland Bondelag skal i 2012 se på hvordan denne gruppen skal settes sammen.

Tjenesten er behovstilpasset hver enkelt gård og tar for seg de HMS utfordringene hver enkelt gård har.

**LHMS- tjenesten sin visjon er:**

- Ingen dødsulykker i norsk landbruk
- Alle bønder skal ha ”ingen ulykker på min gård” som mål for sitt HMS arbeide

LHMS tjeneste har utarbeidet kurset ”Praktisk HMS- arbeid” som er et HMS- kurs spesielt tilrettelagt for landbruket. Dette kurset dekker kravet i Arbeidsmiljøloven § 3-5 om HMS kompetanse i enkeltmannsforetak. Det ble gjennomført 13 kurs med 134 deltakere i 2011. Målet for 2011 var satt til 32 kurs. I 2010 ble det arrangert 17 kurs med 213 deltakere.

Årsaken til relativt få kurs arrangert sammenlignet med det målet som ble satt for 2011 er at det har vært en del utfordringer med å få levert tjenester til medlemmer. Dette skyldes blant annet sykemeldinger og fødselspermisjon blant de ansatte. Det har imidlertid blitt leid inn frilansere for å kunne utføre nødvendige tjenester.

# Unge Bønder – kurs

”Unge Bønder”- kurset er rettet mot unge som ønsker å overta gård eller som nylig har tatt over en gård. Kurset skal gi nyttig informasjon samtidig som det er en sosial sammenkomt for etablering av kontakt mellom unge i samme situasjon.

Kurset skal ta opp spørsmål om samvirket og dets betydning for bonden. Spørsmål knyttet til eierskifte, økonomi og driftsledelse for unge bønder er hovedtemaer på kurset. Også landbrukets HMS- tjeneste, bygdeutvikling, bondelagets rolle og landbruksforvaltning var sentrale tema på kurset.

22.- 23. oktober, 2011 ble ”unge bønder”- kurset arrangert i et samarbeid mellom Rogaland Bondelag, Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland og Dagros i Dalane. Kurset ble holdt på Grand Hotell i Egersund og i alt 45 deltakere deltok på kurset. Det var underholdning fra Tønes fra Livsgnist og middag på kvelden.



*Kurs for unge bønder har viktige tema på dagsorden.*

# Arbeid i utvala

## Info-utvalet

Informasjonsutvalet – Info-utvalet – har i meldingsåret hatt 1 møte. Saker utvalet har arbeidd med:

- Kurs for nye/unge bønder
- Nettsida til bondelaget.
- Skulekontaktar
- Open Gard (sjå eige oppsett)
- Profilering av bondelaget

### Kurs for nye/unge bønder

Det var kurs for unge bønder hausten 2011 saman med prosjektet Dagros i Dalane.

### Nettsida til bondelaget

Det er oppretta sider for nokre lokallag, men det er liten aktivitet på sidene. Ein har og oppfordra lokallaga til å senda stoff til kontoret slik at vi kan leggja det på Rogaland Bondelag sine sider. Send gjerne inn meir!

### Informasjonsdag for skulekontaktane

Det vart ikkje invitert til møte med skolekontaktane dette året. Materiellet som Noregs Bondelag har ligg i nettbutikken og kan bestillast direkte.

Samarbeidet med skulen går godt nokre stader, men andre har vanskar med å sleppe til. Landbruksspelet vert gjennomført kvart år i nokre lag, men det er ikkje interesse i andre lag for å prøve spelet.

### Profilering av bondelaget

Info-utvalet har sett på profilering/reklame av bondelaget.

Det er meininga å laga ei informasjonsbrosjyre over landbruket i Rogaland og styret i RB bad Info- utvalet om å ta kontakt med fylkesmannen om samarbeid.

Det er nå eit prosjekt i gong saman med fylkesmannen som skal verta ferdig våren 2012. "Verdiskapinga av primærnæringa i fylket"

Ein vil bruke Norges Bondelag sine profileringsartiklar i tillegg til Roll-upsane som vart laga i fjor.




## Verveutvalet

Verveutvalet har hatt to møte i meldingsåret – 28. mars og 3. oktober. Hovudoppgåva til verveutvalet er å leggja opp strategi for vervearbeidet i fylkeslaget. I strategien for vervearbeidet i 2011 vedtok utvalet å arbeida for same mål som vart sett i 2010.

- "Auka medlemstalet i fylket til 6450 og medverka til å redusera utmeldingar med konkret oppfølging av desse.
- Fokus på aktive bønder og dei som er på veg inn i landbruket. Målet på sikt er 70% av dei som mottek produksjonstilskot. Men også andre med sterk tilknyting til næringa."

Utvalet har gjennomført to ringerundar til lokallaga i løpet av året. Premieringa for nye medlemmer til lokallaga vert oppretthalde. For nye medlemmer med produksjon vart premien auka med 100 kr til 300 kr pr ny medlem. For personleg- og husstandsmedlem blir det utbetalt 100 kr.

Utvalet ønskjer å ha god kontakt med lokallaga og deltok difor på årsmøtet og leiarmøtet til fylkeslaget.

Oppsummering av vervearbeidet og medlemsutviklinga er omtalt lenger bak i årsmeldinga.

Styret i Rogaland Bondelag har tidlegare gått inn for at premieringa av lokallaga skulle leggjast om slik at grunnlaget for premiering ikkje berre skal vera medlemsutvikling, men og andre aktivitetar i lokallaget. Aktivitetsprisen for 2010 gjekk til Bjerkreim Bondelag og vart delt ut på fylkesårsmøtet i mars 2011. Prisen bestod av Aktivitetsklubbe og 5.000 kr. AU og leiar i Verveutvalet saman med administrasjonen plukka ut laget som fekk prisen. Styret sende og forslag på Bjerkreim Bondelag som kandidat til det beste lokallaget til Norges Bondelag. Laget nådde ikkje fram.

Norges Bondelag støttar arbeidet i Verveutvalet til Rogaland Bondelag med inntil 15.000 kr i 2011.

# Jordvernutvalet



*Jostein Frøyland viser hvor neste utbygging er planlagt.*

Matfylket Rogaland bygger ned mest matjord i landet. For å kunne mette verdens befolkning i 2050 må den global matproduksjonen økes med ca 70 % i forhold til dagens nivå viser de siste beregningene fra FA (FNs matprogram). Norge vil også oppleve en stor befolkningsvekst og det vil trolig være 5,7 millioner innbyggere i Norge innen 2030. Det vil også innebære at Norge må øke sin matproduksjon med 20 % for å opprettholde dagens nivå hvor vi importerer ca halvparten av maten vår. Omdisponert dyrka jord i Rogaland burde ikke være på mer enn 600 dekar, men var i 2010 på 1369 dekar og i 2009 2091 dekar. 84 % blir nedbygd til vei og samferdsel og 16 % går bort til bygninger. Kanskje hadde en vernehjemmel i jordloven hjulpet for at jordvernet skulle stått sterkere. Informasjon ut vil være viktig. Økt informasjon og forståelse rundt jordvernsproblematikken vil kunne bidra til å sette tema på dagsorden og gi det en høyere prioritering. Vern om den beste jorda er kanskje ikke nok.

Det ble holdt et møte i Jordvernsutvalget i 2011. På møtet ble det gitt en orientering om utbyggningspresset på landbruksjord i Rogaland fra arealforvaltningen hos Fylkesmannen. Representerte et utvalget i Norges Bondelag presenterte utarbeidet strategi for Bondelaget sitt arbeid innen jordvern og aktuelle problemstillinger utvalget må forholde seg til. Jordvernsforeningen i Rogaland orienterte om sitt arbeid. Rogaland naturvernsforbund var også tilstede på møtet. Sentrale tema på møtet var bybanen og hvordan jordvernsutvalget i Rogaland skal jobbe opp mot et strengere jordvern.

Møtet ble fulgt opp med besøk hos Jostein Frøyland på Frøyland Gård i Time. Her ble det gitt en omvisning om hvor den påtenkte bybanen skal gå og hvor stor utbygning det er rundt gården hans. Videre tok jordvernsutvalget turen til Paul Kyllingstad og Per Dybvig som er ivrige forkjempere for et strengere jordvern. Jordvernsutvalget fikk en omvisning på Vatneområdet hvor det er planlagt stor utbygging.



# U-landsutvalget

Det er nå 5 år siden vi startet opp vårt utviklingsprosjekt i området rundt Sambolabo i Kamerun,- på grensen mot Nigeria. Spennende har det vært å følge hvordan menneskene i dette området driver frem sin egen utvikling ved hjelp av få ressurser fra oss her i Rogaland. De siste årene har landsbyer som før var isolert i den lange regntiden, nå fått muligheter til å dra til nabolandsbyer med varer, barn får gå på skole og syke får komme til behandling på sykestuer. Alt dette takket være at broer bygde av lokalbefolkningen sørger for trygge kryssinger av flommende elver i regntida.

Våre to prosjektmedarbeidere Iya Paul og Asta Pauline nyter stor respekt av lokalbefolkningen for sitt arbeid. De sørger for å holde hjulene i gang med oppfølging av ulike grupper, introduksjon og spredning av nye jordbruksteknikker, samt opplæring av komitemedlemmer og grønnsakdyrkere.

Før en starter arbeid med brobygging opprettes det alltid en lokal byggekomite som har ansvar for å organisere arbeidet, matservering osv. Uten slik opplæring i bygging og vedlikehold ville arbeidet med broene vært vanskelig å gjennomføre. Dette året fikk 15 komitemedlemmer slik opplæring.

Dette året var målet å bygge en bro på hele 35 m! Det er den lengste broa i prosjektets historie. Denne broa har gjort slutt på isolasjon av området i forhold til kommunesenteret Banyo. Dette området har mye husdyrhold og det vil nå åpne seg nye muligheter for dem i forhold til å nå markedet.

Prosjektet jobber med to former for sparing. Totalt 627.000,- kr sirkulerer gjennom sparegrupper i et distrikt på størrelse med Suldal kommune x 2. Mange av gruppene sparer penger som legges i en felles pott hvor deretter ett medlem får hele potten til å kjøpe inn nødvendig utstyr. Det kan være kjøkkenutstyr som termoser, såpe, kjøkkenutstyr osv. Det startet 4 nye grupper dette året, og disse teller nå 14 totalt.

Andre grupper setter penger i «bank» alt etter hvor mye den enkelte vil spare hver uke. Lån kan en også få, men da til en rente som ligger godt over norsk nivå, nemlig mellom 5- 10 % rente/mnd! 3 nye sparegrupper har kommet til dette året som alle består av kvinner.



*Bygging av bro i Sambolabo, Kamerun*

Gruppene er av stor betydning for utviklingen i området. Her foregår samhandling for å skape en bedre fremtid for små og store. Tenk deg at 76 ungdommer møtes hver måned for å spare penger! Ellers dominerer kvinnegruppene med medlemstall mellom 14 – 125!! Totalt 706 medlemmer vitner om meget god nytte av organisasjonsarbeidet. At samholdet styrkes vises godt når medlemmene får hjelp dersom bryllup, sykdom, begravelser eller annet dukker opp.

Innkjøpssamvirket initiert av Felleskjøpet i 2010 har formidlet kunstgjødsel og plantevernmidler til bøndene. Det er også stort fokus hos utvalgets medlemmer at økologisk produksjon må stimuleres.

Honningproduksjon har vært svært vellykket og de 12 birøkterne har stadig vekst i produksjon og avsetning. Særlig ungdommene har vært aktive her.

Som et resultat av lokalt engasjement har staten vært mer engasjert i å arrangere seminarer i området. Til og med parlamentsmedlem har vært på besøk til de legaliserte gruppene som gir høy grad av anerkjennelse. Man ser holdningsendring i befolkningen som kommer sammen for å jobbe og ta del i sin egen utvikling. Som et resultat av dette har bl.a en innbygger startet opp med egen transportfirma og egen bil.

Resultatene i området har gjort folk stolte, - både landsbybefolkningen, tradisjonell og offentlig myndighet. Disse er også ivrige støttespillere for prosjektet.

Mangel på drikkevann var også dette året vanskelig for området. Det håper vi å få til i 2012 når nødvendig utstyr er på plass.

U-landsutvalget vil få takke alle som har vært med å bidra til innsamling av 212.000,- kr dette året. Dette gjelder de som samler inn penger, de som pynter i kirkene til høsttakkegudstjeneste, eller de som jobber med oversetting og festskriv. Det har vært gjort en offensiv for å stimulere bl.a bondelaga til økt innsats. Utvalget har vært synlige i media gjennom artikler i diverse tidsskrifter, avsier og lokal tv, samt representert på ulike møter omkring i fylket. Ta gjerne kontakt om din organisasjon vil at vi skal komme og fortelle! Det er også laget en presentasjon som ligger ute på våre nettsider. Sjekk www.bondelaget.no/rogaland

Vi gleder oss til jubileumsåret 2012 som starter med tur til Kamerun i februar.

*Elisabeth K. Nesheim, RB (leder)*
*Terje Øen, Samarbeidsrådet (Tine)*
*Åse Marit Hodnefjell, 4H Rogaland*
*Målfrid Stangeland, RBK*

# Open Gard-arrangement

21. august var den fastsette søndagen for Open Gard-arrangement i 2011. I Rogaland vart det gjennomført 3 arrangement denne dagen og ein på Tveit i Nedstrand 29.mai. Det var 22. gongen Open Gard var på skolen. Været var fint på Tveit i mai, men alle sluser var opne den 22. august.

Talet på besøkande på dei ulike arrangementa var:

- Ca 5000 på Nedstrand på Tveit vidaregåande skole
- Ca 300 på Hjelmeland hjå Bjørg og Atle Hauge
- Ca 800 i Sola hjå Røyneberg Samdrift
- Ca 700 i Time hjå Kathrine Eide Haugland og Rune Haugland

Open Gard har vorte eit fast og tradisjonelt arrangement for Bondelaget. Tema dette året var "Behov for økt matproduksjon"

For lokallaga som tek på seg desse arrangementa er det eit krevjande arbeid, men med over 6.000 besøkande berre her i fylket, har det utan tvil ein stor verdi for landbruket sitt omdømme utad. Rogaland Bondelag vil retta ein varm takk til dei som har teke dette på seg – både vertane som opnar tuna sine og andre som hjelper til. Vårt håper er at vi fortsett kan ha slike arrangement i fylket.

Dato for Open Gard 2012 er 26. august.





# Skattekurset

Det årlege skattekurset for tilsette ved rekneskapskontora i fylket vart halde på Quality Airport Hotel, Sola 8. og 9. november. 19 kontor i Rogaland har avtale med Norges Bondelag og frå desse møtte 142 personar. Eit kontor deltok med dei fleste tilsette på tilsvarande kurs i Hordaland.

Rogaland Bondelag har ansvar for den tekniske delen av arrangementet, medan Norges Bondelag er ansvarleg for den faglege biten.

Årets skattekurs tok som vanleg opp dei nyaste oppdateringane av regelverket rundt skatt, avgifter og rekneskap. I år vart det særleg fokusert på generelt om omdanning av selskapsformer.

I frå Norges Bondelag foreleste advokat Svein Aalling, Advokatfirmaet Orwall & Co DA og Arnstein Tveito, avdelingssjef i Regnskap og juridisk service .

Roar Kristiansen og Erik Skjønsberg frå Skatt Øst orienterte om aktuelt frå Skatteetaten og spørsmål/problemstillingar om fyringsanlegg på landbrukseigedomar, nyheter/endringar i ligningsskjema, utanlandske arbeidstakarar.

### Ekstra kursdag

Det vart i år halde to parallelle kurs under den ekstra kursdagen – i forkant av det ordinære skattekurset.

Det eine kurset hadde temaet ”Bokføringsloven” der Jon Baggetorp, dagleg leiar av Spydeberg Regnskapslag BA var forelesar. 37 deltakarar følgde dette kurset.

For det andre ekstrakurset var temaet ”Rettslære – praktisk kurs”. Advokat Svein Aalling frå Advokatfirmaet Orwall & Co Da var forelesar her. 27 rekneskapsførarar var med på dette kurset.

# Medlems-utviklinga i fylket

Ved årsskiftet 2011/2012 var det 6.467 medlemmer i Rogaland Bondelag. Totalt er det kome til 286 nye medlemmer i løpet av året. Med ein avgang på 334 medlemmer gir det ein nedgang i medlemstalet for Rogaland Bondelag på 48 personar i løpet av 2011. Hovudgrunnane for at personane går ut av organisasjonen er av naturlege årsaker, slik som at dei har slutta i næringa, har flytta, ikkje har betalt kontingenten det siste året eller død. Ein del har meldt seg ut med å oppgi at dei er usamde i bondelaget sin politikk. Fleire av desse har meldt seg inn att.

Av dei nyinnmelde personane er vel 90 direkte knytta til eit bruk. I tillegg er det registrert 8 nye andre foretak i medlemsregisteret.

17 lokallag hadde medlemsauke i løpet av året. Flest nye medlemmer har Time Bondelag med 24 nye. Deretter kjem Sandnes Bondelag med 22 og Tysvær Bondelag med 19 nye medlemmer. Størst nettoauke i talet medlemmer har Tysvær Bondelag med ein auke på 12 medlemmer.

På landsbasis hadde Norges Bondelag ein nedgang på om lag 600 medlemmer. Ved slutten av året hadde organisasjonen 61.859 medlemmer.



# Ressursgruppe for Ryfylke



Rogaland Bondelag vart i meldingsåret medlem av Stavangerregionens Næringsforening. Foreninga har ca 20 ressursgrupper og pr dags dato er næringa vår representert i tre av desse gruppene. Styremedlem Per Inge Egeland er representert i gruppa for Ryfylke, der han sit i lag med næringsaktørar frå heile Ryfylke, frå Sauda i nord til Forsand i sør.

Gruppa for Ryfylke har dette året arbeid med fleire saker der hovudtema er arealplanlegging i kommunane. Bakgrunn for dette er at det er mogleg for at det kjem eit fastlandssamband om nokre år. I tillegg har gruppa utarbeida eit scenario på folketalsutvikling basert på tal frå kommunar som har fått fastlandssamband dei seinare åra. Dette materiale har gruppa presentert for alle kommunane i Ryfylke IKS (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, Finnøy og Forsand). Ut frå dette vil gruppa arbeide vidare for å påvirka kommunane til å finna områder der ein ønsker ei utvikling og at ein startar tidleg nok i planprossessar.

Det er etter styret si oppfatning positivt at ein er med i slike grupper. Ein får vere med å ivareta næringa si interesse og i tillegg få signal om andre næringar sine behov og interesser. Det er i tidleg fase ein har best mulighet til å endra på planar og bidra til å styre ei utvikling.

# Biogass, ein del av løysinga for betre utnytting av husdyrgjødsel

Rogaland Bondelag deltek i fleire samanhengar i arbeidet med å nytta husdyrgjødsla som ein verdifull ressurs på garden. Eit av tiltaka kan vera å bygga biogassanlegg basert på husdyrgjødsel. Det er interesse hjå fleire bønder med å bygga slike anlegg om det vert lagt til rette med ramevilkår for slik produksjon. Rogaland er i eit særtilfelle når det gjeld dyretetthet, vi har dobbel så mykje husdyr pr areal enn neste fylke som er Nord Trøndelag.

Lyse har eit utstrakt ledningsnett for oppgradert gass, både i Ryfylke og Jæren. Klepp kommune har eit ledningsnett for rågass for deponigass frå Sele, der gassen vert nytta til oppvarming av kommunale bygg. I delar av fylket ligg det godt til rette for produksjon av biogass: vi har råstoffet, vi har infrastruktur på plass og vi har brukarane av gassen rundt oss. I prosessen med å produsera biogass basert på husdyrgjødsel vert ikkje næringsstoffa fjerna. Bioresten som det vert kalla inneheld kanskje meir næringsstoff enn husdyrgjødsel av di ein må tilføra til dømes fiskeavfall/slakteavfall for å få ein betre utnytting av gjødsla i prosessen med å laga biogass. Bioresten har betre brukseigenskapar enn husdyrgjødsel, den er meir tyntflytande og plantene nyttar seg betre av næringsstoffa. Bioresten luktar mindre enn husdyrgjødsel og er tilnærma fri for ugrasfrø. Eit samla landbruksmiljø, FKRA, reiskapsfabrikkane, I:V:A:R og Lyse tok initiativ til eit ARENA prosjekt innan området biogass. Eit Arena prosjekt vert finansiert med midlar frå Innovasjon Norge og deltakarane i prosjektet. Målsettinga med eit ARENA prosjekt er at aktørane samarbeider om nye løysingar, utvikling, nye produkt og kompetanse som kan nyttast i produksjon av biogass og vidareforedling av biorest. Søknaden gjekk ikkje gjennom, men arbeidet med å utvikla kompetanse, betra ramevilkåra for å få lønsam biogasproduksjon og kontakt med brukarane/marknaden fortsett.

Det er mogleg å kjøpa kompetanse frå utlandet innan bygging og drift av biogassanlegg. Landbruket må tilegna seg kompetanse innan bygg og drift av anlegg, dette er ein biologisk produksjon som krev kunnskap. Forsking og utvikling på bruk av biorest må styrkast, biorest kan vidareforedlast til dømes, pelletert gjødsel, jordforbetringsprodukt innan hagesektoren, noko som vi i dag importer mykje av og anna.

# Kontakt med myndighetene

Rogaland Bondelag er med i både formelle og uformelle kontaktmøter både med politikarar og byråkrati. Ramevikår som påverke bonden sitt arbeid vert og lagt på fylkesnivå. Eksempel kan vera: vassdirektivet, utforminga av Regionale miljøplan midlar, innspel til regionalplan landbruk, innspel til jordbruksforhandlingar og anna. Fylkeslaget har hatt kontaktmøte med rogalandsbenken til Stortinget, gruppeleiarane i fylkeskommunen, deltek på Solamøtet og møte med administrasjonen både hjå fylkeskommunen og fylkesmannen. Rogaland Bondelag ønskjer å vera ein klar, fagleg god og løysningsorientert samarbeidspartnar.

# Ressursgruppe- økologisk landbruk

I ressursgruppa- Handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland har Per Inge Egeland sete som representant for Rogaland bondelaget dei to siste åra. Gruppa har følgjande mandat:

”Ressursgruppa skal utarbeida mål og strategiar for økologisk landbruk i Rogaland og yte til samhandling og betre nytte av ressursane innan emnet. Dei regionale mål og strategiar som er utforma i handlingsplanen dannar grunnlag for fordeling av midlar knytte til rådgjeving og informasjon innan økologisk landbruk. Arbeidsgruppa har som mål å møtast minst ein gong kvart år. Kvar haust skal behovet for revisjon av handlingsplanen vurderast.”

Dagens handlingsplan er gjeldane fram til 2015 og gruppa vil i komande år ha ei enkel revidering. Gruppa har eit mål om at 5 % av produksjonen i Rogaland skal verta økologisk. For kjøt og melk er det pr i dag stor nok produksjon mens på grønsaker er det noko for lite i marknaden. Det er i dag kun ein vekst-



*Foto Bondevennen.*

husprodusent som driv økologisk.

Status for økologisk produksjon i Rogaland i dag er 66 driftseiningar og 16 bedrifter. Det er pr i dag 18 prosjekt som har støtte frå FMLA og BU midler.








**Landbruksbygg**
I stål, tre, sandwich eller betongelementer

**Gjødselkummer**
Størrelser fra 590 - 3460 m³

Vi tilbyr fleksible løsninger i materialvalg og sammensetninger som tilpasses til dine ønsker og behov.

Vi har systemer som er meget rasjonelle, enkle og prisgunstige, og vi kan levere byggesett etter ønske (til f.eks. maskinhus, lagerbygg).

Ta kontakt for mer informasjon og pristilbud.

GRUDE LANDBRUKSBYGG

Bedriftsveien 35, 4353 Klepp Stasjon.
Tlf. 918 71 505, epost: post@grudebygg.no
www.grudebygg.no

**Forskaling og støyping.**
**Salg og montering av**
**betongelement og gjødselkummer.**

**ODLAND A/S**
**FORSKALING OG STØYPING**

4360 Varhaug - Telefon 51 31 57 11 – Mobil 909 86 620
E-post: odlandas@lyse.net

**Vi utfører alt innen**
**landbruksbygg**

**Nybygg - påbygg - rehabilitering**

**Ta kontakt på telefon 991 57 987**
**oskar@skaarlandogreime.com**

BYGGFIRMA
Skårland & Reime as
4362 Vigrestad
*www.skaarlandogreime.com*

# Personalet i Rogaland Bondelag

Følgjande er i dag tilsett på fylkeskontoret i Rogaland Bondelag:
Olav Sande, organisasjonssjef
frå 1. april 2011. 100% stilling

Marianne Osmundsen , rådgjevar
frå 22. august 2011. 100% stilling

Signe Henriksen , førstekonsulent.
100% stilling

Målfrid Husebø, førstekonsulent
90% stilling

Organisasjonssjef Svein Helge Harbo slutta i stillinga 1. april. Fram til 1. oktober 2011 var han i 60% stilling.



*Frå venstre: Signe Henriksen, Marianne Osmundsen, Målfrid Husebø og Olav Sande*


**Agronomkurs**

**Særheim – Helleland**

Kompetanse, inspirasjon
og tru på framtida

Agronomutdanning på kveldstid over to eller flere år.
Ta dei faga som passer deg - når det passer deg.

Felles programfag

- **Plante- og husdyrproduksjon**
- **Gardsdrift**
- **Utmark og kulturlandskap**

Valfrie programfag

- **Økonomi og driftsleiing**
- **Traktor og maskin**

Meir info om programfaga på www.vlj.no

Krav til inntak:
Minst 19 år, minst ½ år praksis i landbruket

Undervisninga startar 23. august og skuleåret sluttar med eksamenar i mai/juni året etter.

Søknadsskjema finn du på www.vlj.no

For meir informasjon, ta kontakt.

Vinterlandbruksskulen på Jæren
Særheim
Postvegen 213
4353 KLEPP ST
Tlf. 51 79 94 00
E-post: **post@vlj.no**






**Utdanning innen landbruk i matfylket Rogaland**

Øksenvad vgs. tilbyr utdanning innen landbruk og gartnerinæring, heste– og hovslagerfag, anleggsgartner– og idrettsanleggsfag samt tilrettelagt undervisning. Alle retningene kan føre til studiekompetanse, agronom eller ulike fagbrev.

**Søknadsfrist ordinære kurs: 1.mars**

**www.oksnevad.vgs.no**

# Leiarane i lokallaga

| | Leiarane 2010/2011 | Leiarane 2011/2012 |
|---|---|---|
| 81101 01 Eigersund | Sigmund Slettebø | Sigmund Slettebø |
| 81101 02 Helleland | Terje Taule | Terje Taule |
| 81102 01 Sandnes | Gunn Marit S. Svihus<br>Finn Aarrestad | Gunn Marit S. Svihus |
| 81102 02 Riska | Sigmund Svendsen | Sigmund Svendsen |
| 81103 01 Stavanger | Torgeir Kinn | Torgeir Kinn |
| 81106 01 Skåre | John Egil Frøystad | John Egil Frøystad |
| 81111 01 Sokndal | Tron Skjefrås | Tron Skjefrås |
| 81112 01 Lund | Øyvind Steinnes | Øyvind Steinnes |
| 81114 01 Bjerkreim | Svein Roar Tengesdal | Svein Roald Tengesdal |
| 81119 02 Nærbø | Ove Morten Sør-Reime | Glenn Midttun |
| 81119 03 Varhaug | Ole Andreas Aarsland | Ole Andreas Aarsland |
| 81119 04 Søre Hå | Bjørn Friestad | Bjørn Friestad |
| 81120 01 Klepp | Jon Serigstad | Jon-Arild Anda |
| 81120 02 Bore | Anne Skasheim | Jan Tore Refve |
| 81120 03 Orre | Sigmund Wiig | Sigmund Wiig |
| 81121 01 Time | Olav Aasland | Arne A. Berge |
| 81122 01 Gjesdal | Kåre Søyland | Kåre Søyland |
| 81124 01 Sola | Arnstein Røyneberg | Arnstein Røyneberg |
| 81127 01 Randaberg | Kjell Ingar Bø | Helge Todnem |
| 81129 01 Forsand | Inga Skretting | Inga Skretting |
| 81130 01 Strand | Jarle Ravnås | Jarle Ravnås |
| 81133 01 Hjelmeland | Jarle Mjølhus | Jarle Mjølhus |
| 81134 01 Suldal | Ole Martin Eikeland | Ole Martin Eikeland |
| 81135 01 Sauda | Ola Magnar Birkeland | Ola Magnar Birkeland |
| 81141 01 Finnøy | Per Bergøy | Per Bergøy |
| 81141 03 Fogn | Gerd Johanne Bø | Gerd Johanne Bøe |
| 81141 04 Sjernarøy | Jon-Arne Vadla | Torgeir Aartun |
| 81141 05 Ombo | Ann-Mari Lindanger | Ann-Mari Lindanger |
| 81142 01 Rennesøy | Guttorm Gudmestad | Guttorm Gudmestad |
| 81144 01 Kvitsøy | Anders Nordbø | Anders Nordbø |
| 81145 01 Bokn | Jan Kåre Are | Torstein Alvestad |
| 81146 01 Tysvær | Sven Ivar Dybdal | Svein Helge Høyvik |
| 81149 01 Nord-Karmøy | Mats Einar Skeie | Mats Einar Skeie |
| 81149 04 Sør-Karmøy | Kjell Arvid Sandhåland | |
| 81151 01 Utsira | Bjarne Austrheim | Bjarne Austrheim |
| 81154 01 Vikedal | Nils Bakkedal | Nils Bakkedal |
| 81154 02 Sandeid | Magne Økland | Geir Olav Larsen |
| 81154 03 Imsland | Bjarne Rønnevik | Bjarne Rønnevik |
| 81154 04 Vats | Andreas Lundegård | Andreas Lundegård |
| 81154 05 Skjold | Norleif Fjeldheim | Kjartan Kalstveit |
| 81159 01 Ølen | Bård Arne Lunde | Bård Arne Lunde |
| 81159 02 Bjoa | Ernst Grønnestad | Ernst Grønnestad |
| 81159 03 Vikebygd | Jens Morten Koltveit | Jens Morten Koltveit |

# Rekneskapen 2011

| Inntekter: | Budsjett 2011 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|
| Avgiftsfritt varesal | | 2 800,00 |
| Andre kursinntekter | | 4 950,00 |
| Årsmøtet, deltakaravgift a kr 900 | 66 000 | 68 400,00 |
| Årsmøtet, refusjon frå andre | | 34 534,00 |
| Leiarmøtet. deltakaravgift à kr 900 | 28 500 | 23 400,00 |
| Aktive lokallagsmidlar | | 219 813,00 |
| Aktive lokallagsmidlar overført neste år | | -133 563,00 |
| Tilskot frå NB - Unge bønder kurs | 60 000 | 22 000,00 |
| Annonseinntekter, årsmeldinga | 50 000 | 45 300,00 |
| Tilskot til vervearbeid frå NB | 20 000 | |
| Rammebevilgning frå Norges Bondelag | 816 000 | 815 972,00 |
| Rammetilskot Fylkesleiar | 279 000 | 278 794,00 |
| Opplæringsmidlar | 117 000 | 116 961,00 |
| Refusjon kontorteneste: | | |
| RBK | 65 000 | 65 000,00 |
| RBU | 15 000 | 15 000,00 |
| Tilskot Samarbeidsrådet/sponsormidler | 42 000 | 48 000,00 |
| Støtte til Studieaktivitet | 10 000 | 10 000,00 |
| Overført fra Avsatte midler BSF | | 3 946,26 |
| Tilskot frå LUF - Kokketur | 10 000 | 17 000,00 |
| Renteinntekter | 20 000 | 17 230,66 |
| **Sum inntekter** | **1 598 500** | **1 675 537,92** |

| Utgifter: | **Budsjett 2011** | **Rekneskap 2011** |
|---|---|---|
| Avgiftsfritt varekjøp | | |
| Lønn og sosiale utgifter - 60% stilling | 285 000 | 295 157,50 |
| Rogaland Bondelag - styret | 298 500 | 293 527,20 |
| Fylkesleiar | 279 000 | 278 794,00 |
| RB sin del av fylkesleiars reisebudsjett | 50 000 | 3 078,77 |
| Servering møter/ driftskostnadar | 65 000 | 61 921,21 |
| Ymse møte | 5 000 | 5 677,45 |
| Utvala, daggodtgj., møte- og reiseutg. | 50 000 | 72 867,63 |
| Årsmøtet | 195 000 | 239 063,71 |
| Leiarmøta | 90 000 | 68 700,50 |
| Distriktsmøta | 25 000 | 25 376,70 |
| Aktive lokallagsmidlar | | 86 150,00 |
| Opplæring | 117 000 | 122 472,90 |
| Unge bønder kurs | 60 000 | 13 164,00 |
| Årsmeldinga | 45 000 | 55 875,00 |
| Representasjon | 6 000 | 7 851,62 |
| Gebyr | | 1 027,00 |
| Kostnader BSF | 4 000 | 13 946,26 |
| Kostnader "Kokketur" | 24 000 | 15 450,00 |
| Støtte til I-park, Biogass | | 15 000,00 |
| **Sum utgifter** | **1 598 500** | **1 675 101,45** |

| **Eigedelar:** | **2011** |
|---|---|
| Bank pr. 31.12. 2011 | 854 259,83 |
| Andeler Høgskulen Landbruk og Bygdenæring | 5,00 |
| Andeler Fagforum Mat og drikke | 1,00 |
| Andeler Nationen AS | 1,00 |
| | **854 266,83** |

| **Eigenkapital og gjeld:** | **2011** |
|---|---|
| Eigenkapital pr. 01.01.2011 | 469 800,92 |
| Overskot 2011 | 436,47 |
| **Eigenkapital pr. 31.12. 2011** | **470 237,39** |
| Avsatt til Studiearbeid (BSF) | 172 892,72 |
| Avsatt til Aktive lokallag | 211 136,72 |
| | **854 266,83** |

***Stavanger, 16. februar 2012***

Arnstein Gilje
Per Inge Egeland
Stein Pettersen
Gette Eidesen
Sonja Herikstad Skårland
Liv H. Svendsen (RBK)

# Medlemsoversikt

| | Medlemstal 01.01.2011 | Ut | Inn | Stopp ubetalt | Medlemstal 31.12.2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| Eigersund | 77 | 6 | 6 | 1 | 77 |
| Helleland | 105 | 5 | 3 | 0 | 103 |
| Sandnes | 486 | 36 | 22 | 5 | 472 |
| Riska | 91 | 5 | 4 | 0 | 90 |
| Stavanger | 183 | 31 | 13 | 1 | 165 |
| Skåre | 27 | 1 | 5 | 0 | 31 |
| Sokndal | 41 | 0 | 4 | 0 | 45 |
| Lund | 91 | 6 | 5 | 1 | 90 |
| Bjerkreim | 360 | 5 | 10 | 0 | 365 |
| Nærbø | 336 | 15 | 5 | 3 | 326 |
| Varhaug | 261 | 16 | 11 | 5 | 256 |
| Søre Hå | 211 | 7 | 7 | 0 | 211 |
| Klepp | 185 | 14 | 10 | 1 | 181 |
| Bore | 105 | 5 | 2 | 4 | 102 |
| Orre | 143 | 4 | 9 | 0 | 148 |
| Time | 535 | 23 | 24 | 5 | 536 |
| Gjesdal | 304 | 14 | 12 | 1 | 302 |
| Sola | 258 | 20 | 15 | 1 | 253 |
| Randaberg | 173 | 10 | 4 | 2 | 167 |
| Forsand | 64 | 1 | 4 | 1 | 67 |
| Strand | 171 | 12 | 6 | 1 | 165 |
| Hjelmeland | 225 | 12 | 10 | 0 | 223 |
| Suldal | 268 | 18 | 12 | 2 | 262 |
| Sauda | 75 | 4 | 4 | 0 | 75 |
| Finnøy | 249 | 9 | 14 | 2 | 254 |
| Fogn | 51 | 0 | 1 | 0 | 52 |
| Sjernarøy | 68 | 3 | 4 | 0 | 69 |
| Ombo | 35 | 0 | 3 | 0 | 38 |
| Rennesøy | 250 | 18 | 11 | 1 | 243 |
| Kvitsøy | 11 | 0 | 0 | 0 | 11 |
| Bokn | 36 | 1 | 0 | 0 | 35 |
| Tysvær | 225 | 7 | 19 | 3 | 237 |
| Karmøy | 183 | 12 | 6 | 3 | 177 |
| Utsira | 1 | 0 | 1 | 0 | 2 |
| Vikedal | 60 | 0 | 2 | 0 | 62 |
| Sandeid | 90 | 1 | 0 | 0 | 89 |
| Imsland | 54 | 0 | 2 | 0 | 56 |
| Vats | 132 | 2 | 5 | 0 | 135 |
| Skjold | 132 | 7 | 5 | 2 | 130 |
| Ølen | 81 | 2 | 3 | 0 | 82 |
| Bjoa | 37 | 1 | 1 | 1 | 37 |
| Vikebygd | 35 | 1 | 2 | 0 | 36 |
| | **6505** | **334** | **286** | **46** | **6457** |

# Notater



Står du framfor viktige valg for fremtiden?

## TINE Strategi og Veivalg

Bonden som bedriftsleder må planlegge og lede virksomheten på lang sikt. **Strategiprosesser** dreier seg om å gjennomføre veivalg. Riktig retning vil sikre lønnsomhet på kort og lang sikt!

Sertifiserte rådgivere kan bistå med å
- Utforme mål
- Kartlegge muligheter
- Utvikle alternativer
- Vurdere og motivere til valg
- Støtte i gjennomføring

Tar du ikke valg selv, vil omgivelsene gjøre det for deg!

TINE Rådgiving

Kontakt TINE Rådgiver eller les mer på medlem.tine.no

NORGES BONDELAG

GJENSIDIGE

# BENYTT DINE MEDLEMSFORDELER



Som medlem tilbys du unike personforsikringer tilpasset dine behov
– og du får tilbud om viktige sikkerhetsprodukter til lav pris.

**Kontakt oss på 03100, se gjensidige.no/landbruk eller kom innom vårt kontor.**

A20739-2/02.11/Foto: Jarild/Brakestad

# SAMARBEIDSRÅDET

## for landbruksorganisasjonane i Rogaland

**Sandvikvegen 21 - Postboks 278 - 4002 Stavanger**
**Telefon 51 88 72 70 - Telefax 51 88 02 80**

- Rogaland Bondelag
- Felleskjøpet Rogaland Agder
- Norsvin Rogaland
- TINE Meieriet Sør
- Nortura
- Høgskulen for landbruk og bygdenæringar
- Norske Potetindustrier Jæren
- Landteknikk
- Rekneskapslaga på Jæren og Dalane
- Rogaland Landbruksselskap
- Skogeigarlaget Vest
- Norsk Landbruks-rådgiving Rogaland
- Rogaland Fjørfelag
- Rogaland Pelsdyralslag
- Gartnerhallen
- SpareBank 1 SR-Bank
- Gjensidige

PRODUKSJON: BONDEVENNEN BA. TRYKK: KAI HANSEN AS.